


ÅRSMELDING

2011



Agder og Telemark biskop • Agder og Telemark bispedømmeråd

Innhald

1	Situasjonen i bispedømmet	2
1.1	Tilstandsrapport	2
2	Kyrkjeleg sektor	6
2.1	Utviklinga i kyrkje-statistikken	6
2.2	Gudstenestereforma i bispedømmet	9
2.3	Kyrkjeleg demokrati	11
2.4	Trusopplæringa	13
2.5	Organisasjonsutvikling	14
2.6	Kultur	16
2.7	Andre områder	18
3	Prestetenesta	24
3.1	Lokal presteneste	26
3.2	Kompetanseutvikling	27
3.3	Likestilling	28
3.4	Arbeidsvilkår	29
3.5	Leiing og samvirke med andre kyrkjelige tilsette	31
4	Forvaltning	32
4.1	Økonomisk resultat	32
4.4	Godkjenningssaker kyrkjelova, bygningslova og gravferdslova	34
5	Avslutning	36

Foto på forsida: Biskop Olav Skjevesland under ein visitas i Telemark. (Foto: Einar Sand)

1. Situasjonen i bispedømmet



Sokneprest Håkon Borgenvik i Holum døyper lille Nathanael som mamma Karianne Walvick Landås berer fram. (Foto: Tom Dahl)

1.1 Tilstandsrapport - ei generell vurdering av situasjonen i bispedømmet

Årsmeldinga for Agder og Telemark bispedømme tar utgangspunkt i brev frå Fornyings- administrasjons- og kyrkje-departementet, om årsrapportering for 2010, datert 14. januar 2011 og rundskriv datert 15.03.2011, Statsbudsjettet 2011- Den norske kyrkje tildeling av bevilgning. Vidare visast det til brev frå Kyrkjerådet datert 01.07.2011, Kulturfeltet, målformulering styringsparametrar og indikatorar.

Innhaldet i denne årsmeldinga byggjer på innspel frå prostane og andre medarbeidarar, samt statistikkdata om den kyrkjelege verksemda i bispedømmet.

Hovudmålet for Den norske kyrkja, formulert av Kyrkjemøtet, lyder slik:

«Den norske kirke skal være en bekjennende, misjonerende, tjenende og åpen folkekirke. I tråd med dette er det en målsetting at Den norske kirke fortsatt kan videreføres som en åpen, inkluderende og landsdekkende folkekirke, med dåpen som medlemskriterium, og med rom for ulike grader av engasjement og ulike teologiske retninger.»

Ei melding om det regionale kyrkjelivet år for år, kan knapt avdekke meir enn dei mest klare tendensane. Ser ein utviklinga over fleire år, er det ein tendens som trer klart fram: Den norske kyrkja har med nytt sjølvmedvit stått fram som ei døypande kyrkje, og som difor må legge til rette for ei systematisk trusopplæring. Dermed trer også Den norske kyrkja tydelegare fram som eit trossamfunn med fornya ansvar for dåpspraksisen sin.

Ein annan konsekvens av dette er at andre også rettar nye forventningar til den same kyrkja, mellom anna på teologi- og læresida. Frå leiarskapen innafor fleire av dei kristelege organisasjonane kan ein no høyre visse signal om uro for «den teologiske utviklinga» innafor Den norske kyrkja. Det er som om ein vil seie: Ei kyrkje som tar seg sjølv på alvor, vil også andre ta på alvor.

Desse teikna på uro bør ein ikkje gjere sterkare enn dei er. Men det er eit sterkt engasjement rundt om i mange sokn. Under visitasen i Eiken sokn, var det tillyst ope møte i Eiken kyrkje med tema «Kva gjer den lokale kyrkjelyden når Den norske kyrkja går nye vegar?» Her fekk

biskopen møte både dei som har forlate kyrkja og dei som har vald å bli verande.

Vi ser at dåp på bedehuset eller i regi av organisasjonane skjer i eit stadig større omfang også utanom der det er organiserte forsamlingar. Det er tydeleg at mange gjer seg bruk av avtalen av 7.mars 2011 gjort mellom Den norske kyrkja, Normisjon, Indremisjonsforbundet og Norsk luthersk misjonssamband om registrering av dåp.

Ein annan tendens er at enkelte familiar utan vidare, også utan anna tilknytning, går saman om å lage opplegg for seg og borna. Grunnen kan vere at dei ikkje kjenner seg heime i gudstenesta. Her ligg òg uro for ei uttynning av kristendomen i skule og samfunn. Ein ynskjer å lage gode opplegg for å gjere borna fortrulege med den kristne arven. Det kan nesten sjå ut som eit aktuelt utslag av tidlegare tiders entreprenørskap i haugiansk ånd, ofte med eit tverrkyrkjeleg preg.

Som ei open folkekyrkje har Den norske kyrkja ei utfordring i å leggje til rette for eit bredt tilbod. Kyrkja skal møte dei av medlemmane som trufast har sin plass i gudstenesta. Likeeins skal vi vere kyrkje for dei som meir sporadisk deltar i kyrkjelydane sine aktivitetar, men som likevel ser på kyrkje som ein viktig

aktør i formidling av kristen tru og kultur. Samstundes ønskjer kyrkja å skape tillit som ei vedkjennande, misjonerande og tenande kyrkje òg hos dei som er uro over den teologiske utviklinga i kyrkja.

Det har over fleire år vore eit omfattande omstillingsarbeid i kyrkja. Trusopplæringsreforma, demokratireforma og konsekvensane av kyrkjeforliket i Stortinget i 2008 har vore og er viktige omstillingsprosessar for fornying og utvikling av kyrkja sin organisasjon og arbeidsmetodar. I tillegg har Kyrkjemøtet for perioden 2009 - 2013 vedteke fem satsingsområde, der fornyingsarbeidet står sentralt. Det er diakoni, kyrkjemusikk og kultur, barn og unge, gudstenesteliv og samisk kyrkjeliv.

Departementet skriv i sitt tildelingsbrev at fornyingsarbeidet i kyrkja i første rekke må verte definert og satt i verk av kyrkja sine eigne valte organ.

Lokalt blir det arbeid godt med mange tiltak knytt til reformarbeidet. Innføring av ny liturgi har kome godt i gang og ny bibelutgåve vart teken i bruk med stor entusiasme over heile bispedømmet. Stadig nye tiltak i trusopplæring er sette i verk.

Vi har fått løyvingar til å starte eit prosjekt


for rekruttering til presteteneste og eit livsfaseprosjekt. I tillegg er det starta eit samarbeid med Menighetsfakultetet om menighetsutvikling i folkekyrkja. Alle tre prosjekta har vore i planleggingsfasen denne hausten og kjem først i gang for fullt i 2012. Vi viser til særskilt omtale i kapittel 2 og 3.

Det er med andre ord stor omstillingsaktivitet i bispedømmet. Samstundes får vi rapportar frå sokneråd og kyrkjelege medarbeidarar som gjev bod om at omfanget av reformer og forventningane til omstilling, er for store og for mange. Det er no naudsynt med konsolidering og tid til ei god gjennomføring av reformene.

I 2011 deltok ikkje prestane på stiftsdagane/fagdage for kyrkjelege medarbeidarar. Grunna innstramming i budsjettet var det ikkje sett av løyvingar til dette. Mange har uttrykt at dei savna å delta i eit slikt fellesskap som gjev inspirasjon, fagleg påfyll og utviklar samarbeidet yrkesgruppene imellom. I 2012 vil ein fortsatt bidra til at prestane òg er med på denne samlinga.

1.2 Biskopen sitt virke

Biskopen har i 2011 vore tilbake i fullt virke i bispedømmet etter 4 år som preses for



bispemøtet. Han har hatt 3 måneders studiepermisjon på våren og difor berre gjennomført 4 visitasar. I studiepermisjonen har biskopen arbeidd med dei nye bibeltekstane og resultatet har blitt boka Ord til tro, ein tekstgjennomgang for evangelietekstane frå advent til pinse.

I 2008 og 2009 hadde Skjevesland få visitasar fordi han var preses for bispekollegiet. Talet på ordinasjonar har halde seg stabilt på 5 til 6, medan vigslingar av kateketar og diakonar har vore få.

Bjarne Sveinall vikarierte i biskopens studiepermisjon, og på hans første virkedag som fungerande biskop kom melding om at Østre Porsgrunn kyrkje hadde brent ned. Lokalsamfunnet i Porsgrunn var prega av tapet av kyrkja. Fungerande biskop og stiftsdirektør besøkte Porsgrunn same dagen og møtte sokneråd, kyrkjeverje og andre tilsette. Arbeidet med planlegging av nytt kyrkjebygg i Porsgrunn er no godt i gang.

Biskopen er no inne i sitt siste virkeår. Ein er no godt i gang med planlegging av bispeskiftet.

1.3 Bispedømmerådet sitt arbeid

Hausten 2011 blei det valt nytt bispedømmeråd. Gjennomføringa av valet er omtala i kapittel 2.3 Demokrati. I forkant av valet dreiv kandidatane valkamp og møtte veljarane i ulike samanheng.

Det nye bispedømmerådet har 10 medlemmer. Av dei 7 leke representantane vart 3 valt ved direkte val og 4 ved indirekte val. Valresultatet viste ei god fordeling av representantar frå alle tre fylka, og ei god aldersfordeling. Kvinneandelen er berre 30%. Jan Olav Olsen er valt til leiar og Karen Junker til nestleiar.

Bispedømmerådet har i 2011 hatt 8 møte og handsama 95 saker. Utanom tilsettingar, økonomi- og strategisaker har bispedømmerådet mellom anna handsama fleire høyringssaker. Bispedømmerådet har hatt fellesmøter både med prostane og med ungdomsrådet.

Ei viktig sak i 2011 har vore førebuing av endringa i grunnlova og framtidig organisering av kyrkja. Bispedømmerådet har handsama ei høyringsuttale i samband med forslaga til lovendringar. Saka blei og drøfta på eit fellesmøte mellom prostar og kyrkjeverjer i forkant av bispedømmerådet si handsaming. I bispedømmerådet

si uttale heiter det mellom anna:

«Agder og Telemark bispedømmeråd mener at det innenfor kirkeforlikets rammer er mulig å gjennomføre en mer radikal endring i forholdet mellom Den norske kirke og staten enn det departementet legger opp til i høringsnotatet. Bispedømmerådet beklager departementets tilbakeholdenhet i å tenke kreativt om overføring av myndighet til kirkens egne organer og ber om at departementet i det videre arbeid legger til rette for størst mulig grad av selvstendigjøring for kirken, innenfor rammen av kirkeforliket.»

Det har vore arrangert to informasjons- og drøftingsmøter om utredninga «Kjent inventar i nytt hus», i regi av Kyrkjerådet. Eit møte vart halde i Kristiansand og eit i Skien. På desse møta fekk kyrkjerådet sine representantar med seg mange gode innspel frå forsamlingane. Dei som deltok på møta gav i liten grad støtte til «prostomodellen» som vart presentert, men framheva mellom anna eit ynskje om å styrke sokna som eining i kyrkja. Fleire representantar frå bispedømmet deltok òg på konsultasjon i Trondheim om framtidig kyrkjeordning.

Hausten 2011 handsama bispedømmerådet sak om val av modell for nominasjon og tilsetting av ny biskop. Bispeskiftet i Agder og Telemark vil skje på same tid som Stortinget skal handsame endringar i Grunnlova som mellom anna gjeld reglane for tilsetting av biskop. Bispedømmerådet måtte ta stilling til om nominasjon og utnemning av biskop burde skje etter gjeldande ordning eller om ein skulle vente til ny ordning var vedteken. Bispedømmerådet vedtok å vente med nominasjon av ny biskop til den nye ordninga er trådd i kraft. Dette vil medføre ein noko lenger vakanse i bispeembetet.



Agder og Telemark bispedømmeråd 2012-2016

F.f.v.: Øivind Benestad, Geir Ivar Bjerkestrand, Bergit Haugland, Berit Bjørnerud, Karen Junker. Bak f.v.: Martin Jakobsen, Olav Skjevesland, Jan Olav Olsen, Kjetil Drangsholt og Torstein Nordal (Foto: G.Myre)

1.4 Lokale mål og strategiar

Bispedømmerådet har vedteke ein strategi for perioden 2010 – 2012, vi siterer desse hovudpunkta:

VISJON:- Nær troens kilder – nær dagens mennesker.

KJERNEVERDIER:

NÆRVÆR: Være til stede der folk er – geografisk, kulturelt, behovsmessig.

SAMSPILL: Være sammen om å løse oppdraget. Ingen skal stå alene. Vi vil stille opp for hverandre.

TROVERDIGHET: Være troverdige i vår nestekjærlighet og vårt gudsforhold.

FORVALTNING: Ta på alvor vårt forvaltningsansvar av alle de gaver vi er gitt.

SATSINGSOMRÅDE:

I perioden 2010 til 2012 har bispedømmerådet vedteke at hovudfokus i arbeidet vårt skal vere: medarbeidarskap, trusopplæring og gudstenesteutvikling."

Med **medarbeidarskap** meiner ein å rekruttere, lære opp og ivareta lønna og ikkje lønna medarbeidarar i kyrkja.

Med **trusopplæring** meiner ein utvikling av metodar og innhald, vegleiing og stimulering til aktivitetar som fremjer kristen tru. Trusopplæringa sitt mål er å gi kjennskap til den treeinige Gud og å gi hjelp til tolkning av og mestring av livet.

Med **gudstenesteutvikling** meiner ein utvikling av, og stimulering til, tiltak som kan medverke til eit rikt og variert gudstenesteliv i møte med menneske sin kvardag og med lokal forankring og involvering av frivillige. Gudstenesteutvikling gjeld både innhaldet i og fellesskapet i gudstenesta.

1.5 Utfordringar - mål og måloppnåing

Rekneskapet for 2010 viste eit underskot på prestekapitlet på ca. 0,5 mill. kroner. Bispedømmerådet satt som mål at **rekneskapet for 2011 skulle vere i balanse** og i samsvar med løyvingane frå

FAD. I den samanheng var det naudsynt å redusere prestetenesta med til saman 1,5 årsverk. Ved årets slutt viste regnskapsresultatet for presteskapa, balanse.

Ei anna utfordring som var omtala i planen for verksemda var rekrutterings-situasjonen. I 2010 og ved inngangen til 2011 var det vanskelig å rekruttere prester og andre medarbeidarar både til faste stillingar og til vikariat. Dette førte til meirbelastning for kollegaer og ekstraarbeid for personalavdeling og prostar. I ytste konsekvens kunne dette føre til redusert tenestetilbod. Innafør satsingsområdet medarbeidarskap har ei **betring av rekrutterings-situasjonen** difor vore viktig tiltak 2011. Ein har i denne samanhengen starta planlegginga av eit rekrutteringsprosjekt. Etatsstatistikken viser vidare at tilgangen på søkjarar til prestestillingar i bispedømmet har auka i 2011, sjølv om ein til ei av stillingane ikkje fekk søkjarar. (Sjå kap. 3)

Høsten 2009 la KIFO fram ein rapport om prestars arbeidsmiljø. Denne viser at prestane stort sett er fornøyde og trives med sine arbeidsoppgåver, men at prestanes ambisjonar og motivasjon for arbeidet er høgare enn tilgjengelige ressursar.

Dei utfordringane som rapporten avdekkar er særleg knytt til fire forhold:

- *Dei har et sterkt ønske om betre opplæring ved overgang til ny stilling.*
- *Dei meiner arbeidsgjevar ikkje i tilstrekkelig grad gjør seg nytte av kompetansen som er tilegnet gjennom etterutdanning.*
- *Det er eit sterkt ønske om betre tilrettelegging av livsfaseorienterte tiltak. Dette gjelder særlig de yngre prestane.*
- *Prestane ynskjer ei tydelegare leiing og dei fleste ynskjer ei betre planlegging av arbeidstid og fritid frå leiinga si side.*

Det har vore eit mål å **møte utfordringane som er avdekkja i KIFO rapporten**, og som tiltak i denne samanhengen er det sett i gang tiltak på alle desse områda. Ein viser til omtale i kapittel 3, Presteskapa.

Det har vore ei særleg utfordring at bispedømmerådet har hatt prosjekt, spesielt

på ungdomssektoren, som til dels har ungdom frå heile Noreg som målgrupper. Prosjekt som Roadservice og KonfCamp har teke mykje av ungdomsrådsgjevarens si arbeidstid. I 2011 har ein difor hatt som mål å **overføre driftsansvaret for ungdomsprojekter til andre**, slik at ungdomsrådsgjevaren kunne bli frigjort til meir rådsgjevande oppgåver retta direkte mot kyrkjelydane sitt ungdomsarbeid. Denne omlegginga har skjedd ved at driftsansvaret for Konf-camp er overført til ACTA, Normisjonen sitt barne og ungdomsarbeid, og driftsansvaret for Roadservice er overført til stiftinga Skjærgårdsgospel. Sjå og nærare omtale i kap. 2.7.3 Ungdomsarbeid.



FORVALTNING:

Ta på alvor vårt forvaltningsansvar av alle de gaver vi er gitt.

(Foto: Geir Myre)

2. Kyrkjeleg sektor

Resultatmål for området:

"Den norske kirke skal være en landsdekkende, lokalt forankret kirke, som inviterer mennesker i alle aldre og livssituasjoner til tro og fellesskap. Kirken skal bidra til å styrke lokalsamfunn, målbære menneskeverdet og utfordre til solidaritet. Bevilgningene under kapitlet skal understøtte Kirkemøtets mål for Den norske kirke som en bekjennende, misjonerende, tjenende og åpen folkekirke."

2.1 Utviklinga i kyrkje-statistikken

Styringsparameter for dette området er oppslutninga om Den norske kyrkja slik det blant anna kjem fram i den årlege kyrkjestatistikken frå sokna som vert send til Statistisk sentralbyrå med kopi til bispedømmekontora.



Frå visitasen i Lyngdal. (Foto: Arve Nilse)

Kyrkjestatistikk Agder og Telemark bispedømme 2006-2011:


	2006	2007	2008	2009	2010	2011
Medlemmer i Den norske kyrkja	347 291	347 474	347 094	344 526	343 557	343 131
Innmeld	156	162	141	259	201	235
Utmeld	881	962	846	1 103	722	714
Dåpshandlingar	3 909	4 006	3 899	3 884	3 845	3 707
Vigsler	1 051	1 116	1 195	1 157	1 295	1 215
Gravferder	3 816	3 879	3 907	3 865	3 703	3 825
Konfirmerte (delteke i forbønnshandlinga)	4 241	4 232	3 975	4 029	3 847	4 050
Gudstenester, søn- og helligdager	5 947	5 878	5 873	5 829	5 792	5 694
Delt. gudstjenester søn- og heilagdager	631 703	616 970	613 984	583 764	595 486	611 066
Gjennomsnitt gudstjenestedeltaking	106	105	104	100	103	107
Gudstenester med nattverd	2 846	2 866	2 890	2 934	2 828	2 884
Nattverdsdeltakarar	143 192	151 250	144 011	148 476	146 395	157 726
Gjennomsnittleg nattverddeltaking	50	53	50	51	52	55
Talet på sokn	141	141	141	141	139	139

Hovudtendensen når det gjeld oppslutnad om gudstenester og kyrkjelege seremoniar i Agder og Telemark

bispedømme, er at tala er relativt stabile over dei siste åra. Talet på gudstenest-deltakarar kom i 2011 igjen over 600 000,

etter to år under denne grensa (584 000 i 2009 som det lågaste).

Gudstenedeltaking



Dei mest positive utviklingstrekk er at talet på deltakere på kvar gudstenedeste stig. Her må ein riktig nok ta med at talet på gudstenedester er noko redusert dei siste åra. Samstundes har det skjedd ei bevisst satsing på fleire gudstenedester med nattverd mange stader, noko som synest å gje utslag i fleire deltakarar til nattverd. Ein kan reflektere over om den auka gudstenedeste-deltakinga i Agder og Telemark bispedømme i 2011, har ein samanheng med terrorhendingane i Noreg den 22. juli. Mange strøymde i alle


fall til kyrkjene for å legge ned blomar og vere med på minnestunder. Denne tilstrøyminga til kyrkja vert ikkje fullt ut fanga opp av statistikken.

Vi trur òg at satsinga på trusopplæring har verknad på oppslutnaden om gudstenedesta av di mykje skjedde utanom ordinære gudstenedester.

På minussida er det slik at dåpstala har gått noko ned kvart år sidan 2007. Konfirmasjonstala syner ei markert

stigning frå 2010 til 2011 (samstundes som årskulla er nesten dei same), men har ein liten nedgang om ein ser utviklinga over fleire år. Ein kan også merke seg at konfirmasjonsprosenten i Agder og Telemark bispedømme dei siste åra har lege under landsgjennomsnittet, medan det før var omvendt. Det vert spanande å sjå om auken i talet på unge som konfirmerer seg vil halde fram neste år. I so fall vil det vere naturleg å peike på ei betre og meir attraktiv trusopplæring som ein mogleg årsak til det.


Deltaking pr. gudstenedeste i Agder og Telemark bispedømme, 2005-2011:



Er trenden snudd?

Grafen til venstre viser at gudstenedeltakinga gjekk ned år for år, men dei siste to åra kan ting tyda på trenden er snudd.

Døypte og konfirmerte Agder og Telemark bispedømme, 2005-2011:




I året som gjekk (2011) var det vel 13 000 færre medlemmer i Den norske kyrkja enn i 2006. Det er ein nedgang på 4 prosent på seks år. En del av nedgangen skuldast ei teknisk omlegging av

statistikken mellom 2006 til 2007. Det at folk fekk valkort i posten og soleis vart klar over at dei var medlemmer i Den norske kyrkja, førte også til ein auke i utmeldingar i samband med kyrkjevalet

i 2009. Den same tendensen ser vi ikkje i høve til kyrkjevalet i 2011.

Utmelde og innmelde i Agder og Telemark bispedømme 2005-2011:



Når ein les statistikkane over, skal ein vere klar over at desse tala ikkje gjev eit fullstendig bilete av aktivitetane i kyrkjene våre. I tillegg til gudstenester og seremoniar, er det eit mangfald av andre

aktivitetar og tilbod i kyrkjene: Kor for alle aldersgrupper, søndagsskule, konsertar, speidar og andre kulturelle og sosiale arrangement. Ein kan rekna med at minst 100 000 menneske i løpet av året har vore

innom kyrkjene i Agder og Telemark for å ta del i ulike kulturelle tilbod.

2.2 Gudstenestereforma i bispedømmet

I 2011 er det gjennomført ulike kurs og seminar i Agder og Telemark bispedømme for å leggje til rette for gjennomføring av gudstenestereforma for Den norske kyrkja. Målet er auka deltaking i gudstenestene, større valfridom og at gudstenestene skal vere meir prega av det lokale.

Kurs for prest og kyrkjemusikar

Bispedømme har gjennomført eit kurs (10 studiepoeng) for ein prest og ein kyrkjemusikar i kvart av de 11 prostia. Bispedømmet har soleis vore eit pilotprosjekt for eit tilsvarende kurs som no gjennomførast for dei andre bispedøma.

I 2011 har vi på ulike vis hausta fruktene av denne kompetansehevinga som fann stad i 2010. Det har skjedd ved at kursdeltakarane har vore ressurspersonar for faglege og tverrfaglege kurs for prestar og andre tilsette. I fire av prostia (Arendal, Vest Nedenes, Domprostiet og Mandal) har dei og skipa til kurs for frivillige medarbeidarar.

Mandal prosti har kome lengst i arbeidet. I februar hadde dei eit kurs for alle tilsette, sokneråd og gudstenesteutval som i ettertid har vore kalla "Det store kyrkjemøtet i Søgne". Prestane og kyrkjemusikarane hadde utarbeidd framlegg til musikk-val, og desse blei øvde inn på staden og ved at det vart laga ei CD-plate

til øvingane lokalt. Det viktigaste ved samlinga var den entusiasmen som vart skapt og som er naudsynt for viljen til å gjere eit arbeid lokalt.

Kurs for sokneråd

Bispedømmet har gjort eit arbeid for å styrka den tverrfaglege profilen på verksemda. I den omfattande kontakten med soknerådsmedlemer som ei fylgje av demokratireformen, har det pressa seg fram eit behov for å forenkle og fokusere på kva kyrka skal gjere, og korleis kyrkjelydsarbeidet skal gjerast. Dei mange reformane er i seg sjølv ei utfordring som treng ein tydeligare pedagogisk og metodisk modell. Vi har samla alle reformane i ein modell av ei hand og vil gje eit handtrykk til hjelp for kyrkjelydsarbeidet. Kurset «Håndtrykk» blei gjennomført vinteren 2010 i alle dei 11 prostia i Agder og Telemark med til saman rundt 700 deltakarar. Ei handbok vart også utarbeidd. Boka vart hausten 2011 revidert og retta meir mot gudstenesta. Det er viktig å sjå heilskapen i dette arbeidet og la gudstenesta vera ei samlande ressurskjelde for de ulike arbeidsgreinane.

Gudstenestereforma må soleis sjåast i ein større samanheng - det dreier seg om gudsteneste som kyrkjelydsutvikling generelt og i relasjon til trusopplæringsreforma spesielt.

Det er vårt klare syn at vi ikkje kan arbeide med gudstenestereform utan samstundes å sjå kva trusopplæringa har å seia for sundagens gudsteneste.

Det dreier seg om å motivere prestane fordi dei òg kjenner på reformtrøtteleik, og konkretisere kva i trusopplæringa som kan få konkret uttrykk i gudstenesta.

Eit anna viktig moment i gudsteneste-arbeidet framover er alle dei frivillige som sørgjer for at det er et tilbod til ulike aldersgrupper i kyrkjelydane. To av prinsippa i gudstenestereforma, involvering og stad-eigengjering, kan ikkje realiserast om lokale menneske ikkje gjev av si tid og sine ressursar. På dette området er det store skilnader mellom sokna. Medan det i dei minste sokna berre er nokre få frivillige, er det eit par hundre å ta av i de største sokna. Å rekruttera og ta vare på dei som gjer ein frivillig innsats, vert difor særst viktig om kyrkja skal nå sine mål i åra framover.



Frå kurs for sokneråd i Lister hausten 2011. Rådgjevar Tom Martin Berntsen underviser på Utsikten hotell i Kvinesdal. (Foto: Dag A. Kvarstein).

Gudstenestereforma i tal

Gudstjenestedeltaking sun- og heilagdagdar i dei enkelte prostia 2007-2011

	2007	2008	2009	2010	2011
Lister	75898	79380	73150	71660	72962
Mandal	73354	73245	70624	70443	70739
Domprostiet	115826	116285	120089	114577	116397
Otredal	31942	28357		27219	26571
Vest-Nedenes	57990	53600	53847	52555	55204
Arendal	53852	51936	48083	50798	49279
Aust-Nedenes	28357	31975	25943	24462	26575
Bamble	38587	36854	37999	37339	37413
Skien	73970	74254	74464	78121	77901
Vest-Telemark	23982	25159	23868	24947	24260
Aust-Telemark	42213	42939	40366	43365	40609

Tala syner at det er stor variasjon i gudstjenestedeltakinga i vårt bispedømme. Naturleg nok er det dei folkerike område som har høgast deltaking. Av dei største byane skil Skien seg ut med ein auke i gudstjenestedeltakinga gjennom dei siste fem år. I det minst folkerike området, Vest-Telemark, er tala stabile. (Grunna ein feil i teljinga i Otredal prosti i 2009 manglar dette talet)

Førebuing av gudstenestereforma

Prosti	Gudstjenesteutval	Kurs for tilsette	Kurs for frivillige	Godkjende
Lister	9 av 16 sokn	2	0	0
Mandal	9 av 14 sokn	6	1	3
Domprostiet	7 av 12 sokn	3	1	0
Otredal	4 av 10 sokn	1	1	0
Vest-Nedenes	9 av 9 sokn	4	2	0
Arendal	8 av 9 sokn	2	2	0
Aust-Nedenes	6 av 9 sokn	1	1	0
Bamble	9 av 12 sokn	2	1	0
Skien	7 av 14 sokn	4	0	1
Aust-Telemark	8 av 19	0	1	0
Vest-Telemark	8 av 17 sokn	2	0	0

Arbeidet med den nye gudstenestereforma som skal iverksettjast mellom 1. sundag i advent 2011 og 1. sundag i advent 2012, er i god gang i Agder og Telemark bispedømme. Før dei lokale gudstenesteordningane går til godkjenning av biskopen og iverksetting i dei einkilde sokna, har det vore omfattande planlegging og kursing i heile bispedømmet:

Leke gudstenesteleiarar

Agder og Telemark har, som fleire andre bispedømmer, frå tid til annan nytta leke gudstenesteleiarar med heimel i Tjenesteordning for biskoper § 10. I nokre prosti (Vest-Telemark, Lister, Mandal) har det synt seg heilt naudsynt å gjere dette for å få den forordna gudstenesteplanen til å gå opp. Leke gudstenesteleiarar har

iblant også vore vikarhjelp ved sjukdom i presteskapet. Ettersom nokre av desse lekfolka har trukke seg på grunn av høg alder, mens andre trengte ei viss trimming i liturgi og preike, arrangerte bispedømmeadministrasjonen våren 2011 eit kurs for 15-17 leke personar plukka ut etter framlegg frå prostane. Dette er sjølv sagt ikkje gjort for å lage nokon billig veg til

prestenesta, men dette er rett og slett for å sikre ressursar ved dei høve vi ikkje rår over fullt utdanna prestar.



Valstand på Markens. F.v.: Kjetil Drangsholdt, Åshild Seilskjær og Øivind Benestad. (Foto: Dag Kvarstein)

- 294 røyste i valet på representant for leke kyrkjelege tilsette.
- 119 røysta i valet på prestane sin representant til bispedømmerrådet.
- Totalt var det «berre» 18 forkasta røyster i den andre valomgangen.
- Kjønn, alder, geografi: Det blei valgt inn seks menn og tre kvinner som faste medlemmer av bispedømmerrådet. I tillegg kjem biskopen. Av dei ti medlemmene er to under 30 år. Det er tre medlemmer frå kvar av dei tre fylka Vest-Agder, Aust-Agder og Telemark.

2.3 Kyrkjeleg demokrati

Resultatmål for området:

«Kirkerådet og bispedømmerådene skal tilrettelegge for at demokratireformen gjennomføres i Den norske kirke, jf. kirkevalgene i 2011. Målet for demokratireformen er at kirkens organer får en sterkere demokratisk legitimitet og forankring blant kirkemedlemmene».

For å oppnå måla ovanfor har Agder og Telemark bispedømme gjort følgjande i 2011:

Føre valet

- Prostivise kurs for valmedarbeidarar i sokna: 94 % av dei 136 sokneråda var representerte
- Nominasjonsarbeidet til Bispedømmeråd: Enkel prosess for prestane, noko meir komplisert for dei lek kyrkjelege tilsette og ein ganske utfordrande for leke medlemmar.
- Sokneråda sendte inn 26 forslag til leke medlemmer i bispedømmerrådet
- Det måtte gjerast mykje arbeid for å oppfylla ungdomskvoten.
- Det kom ikkje inn supplerande nominasjon
- Det vart laga ein stor plakat over alle kandidatane til bispedømmerådsvalet som vart sent alle sokna.
- Det vart laga ei 24 sidars brosjyre med nærare presentasjon av alle kandidatane. Brosjyra vart distribuert i heile

bispedømmet.

- Alle kyrkjeblad i bispedømmet fekk tilbod om å trykkje kandidatpresentasjon. Dette vart nytta av ca. 30 blad (30%)
- Pressemeldingar, PR-stunt.
- 8 av kandidatane var ute på stand.
- Bispedømmet skipa til ei Facebook-side for interaktiv kontakt.

Bispedømmerådsvalet

Første valomgang 12.september 2011:

- 33.152 røyster
- 3032 røyster blei forkasta
- 11.9 % valdeltaking. Ein auke på 1,7 prosentpoeng frå førre val.

Andre valomgang 1.desember 2011:

- 756 røyster vart gjevne til valet på leke medlemmer av bispedømmerrådet. 120 av 136 sokneråd røysta.

Etter valet

Valresultatet vart kunngjort på heimesida til bispedømmet og ved pressemeldingar.

I oktober 2011 arrangerte bispedømmekontoret kurs for dei nye sokneråda i prostia. 90 % av sokneråda var representerte. Målsettinga med dette kurset var å gje grunnleggjande informasjon om dei organisatoriske sidene ved soknerådsarbeid. Kurset vart halde av bispedømmet sine valmedarbeidarar i samråd og samarbeid med kyrkeverjane. Eit av prostia heldt kurset sjølv.

Agder og Telemark bispedømme vedtok også å halde eit soknerådskurs nr. 2 som vart utarbeidd som ei tverrfagleg formidling av visjonen på dei ulike arbeidsområda, med spesiell vekt på gudstenestereforma. Kurset planleggjast til vinteren 2012.

Vurdering

Etter vår meining var kyrkjevalet 2011 eit skritt i retning av å styrkje "den demokratiske legitimiteten og forankringa blant kyrkjemedlemmene".

Ein auke på 1,7 prosentpoeng i oppslutninga om bispedømmerådsvalet og 0,8 prosentpoeng i soknerådsvalet kan synast lite, men det er ei utvikling i riktig retning. Det er òg gledeleg at oppslutninga gjekk opp når ein tek omsyn til at mange færre røyster i kommunevalet

enn i stortingsvalet. Årets kyrkjeval vart som kjend arrangert samstundes med kommunevalet, medan det i 2009 vart halde saman med stortingsvalet.

Positive merknader

Talet på røystestader vart auka radikalt ved valet i 2009 og heldt seg på same nivå i 2011.

Valprosenten til soknerådsvalet viste ein liten auke frå 2009-nivå. Den gjekk ned der det var elektroniske valforsøk utan personleg fremmøte, t.d. Mandal.

Det er blitt eit langt sterkare fokus på bispedømmerrådet som Kyrkjestyre gjennom den nye kyrkjelege valordninga.

Kritiske merknader:

Frå kyrkeleg hald er målsettinga at valprosenten skal gå opp, men det er viktig å ha eit realistisk syn på desse forventningane.

Det som er heilt klårt er at Kyrkjevalet 2011 var avhengig av økonomiske midlar i endå større grad enn førre val. Demokratireforma er heilt avhengig av ein politisk vilje.

Informasjon: Det synte seg vanskeleg å tilfredstille veljarane sine behov for informasjon om kandidatane. Her er eit stort arbeid å gjere fram mot neste val. Blant anna bør bispedømmekontoret kanskje i større grad følgje opp at informasjonsmaterialet som blir sendt ut til sokna, blir aktivt distribuert i soknet. Det er vidare mykje å hente på at kyrkjeblada i dei ulike sokna i større grad tek inn informasjon om kandidatane til både bispedømmerrådet og sokneråda. Eit anna tiltak som bør vurderast neste gong er grundigare opplæring av valfunksjonærar i alle sokn. Kyrkja har òg ei utfordring i å nå dei unge i nominasjonsarbeidet og ved sjølve valet.

Valgtekniske faktorar: Den informasjonen som vart sendt ut i valkorta må spissast og forenklast, og sjølve prosedyren for prioritering av kandidatar på røystesetelen må forklarast i valkortet. Sjølve ordninga med valkort gjev likevel valet større grad av seriøsitet og bringer det ut til større grupper i folket enn før.



Valtelling i Barbu (Foto: Dag Kvarstein)

På bakgrunn av erfaringane ved valet er det naudsynt å vurdere å endre fleire valreglar: det gjeld ein kritisk gjennomgang av preferansevalet og ikkje minst å vurdere om to ulike valordningar for sokneråd og bispedømmerråd er teneleg. At ca. 10 prosent av røystene vart forkasta på grunn av feil, syner at valprosedyrene var for kompliserte for mange. Det er òg urovekkande at så mange som 16 sokneråd valde ikkje å røyste på bispedømmerrådet.

Opptellinga av røystesetlane var ei krevjande oppgåve. Dette var ikkje prøvd før og baud på utfordringar i arbeidsmengde og logstikk. Alle tilsette ved bispedømmekontoret og grupper i ulike sokn var med på tellinga. Etter vår meining bør det avgrensast kor mange avkryssningar som kan gjerast.

Kyrkjevalet 2011 var vellukka som eit skritt vidare for å styrkje den demokratiske legitimiteten, men like viktig er det å få fokus på den kyrkjelege legitimiteten i den demokratiske prosessen. For Agder og Telemark er det avgjerande viktig å utrusta dei nye råda med inspirasjon og verktøy til det strategiske arbeidet råda etter si målsetting er satt til å gjere: "Ha sin oppmerksomhet henvendt på alt som kan gjerast for å vekke og nære det kristelige livet i soknet..»

Klagesak

Elles måtte valstyret i Agder og Telemark bispedømme handsama ei klagesak frå eit av sokna i bispedømmet. Bakgrunnen

var opplysningar om at veljarar hadde vorte påverka av valfunksjonærar til å røyste på visse kandidatar. Dette skulle ha skjedd i sjølve vallokalet. Saka vart sendt til Kyrkerådet for avgjerle. Kyrkerådet kunne ikkje sjå at det hadde skjedd ein systematisk påverknad i vallokalet som skulle gjere det naudsynt med omval. Klaga vart difor ikkje tatt til følge.

2.4 Trusopplæringa

Resultatmål for området:

«Kirkerådet og bispedømmerådene skal tilrettelegge for at trusopplæringsreformen innarbeides i menighetene. Målet er et systematisk og sammenhengende tilbud om trusopplæring for alle døpte fram til fylte 18 år, med et opplæringstilbud på 315 timer som veiledende norm for den enkelte.»



Fra "Lys-Våken" arrangement i Froland kirke. (Foto: Froland menighetsblad)

Trusopplæring i tal

Prostier	Andel menigheter med trosopp-læringsmidler i 2011	Gjennomsnittlig antall timer ¹⁾	Gjennomsnittlig deltakerandel i ulike tilbud. ²⁾
Domprostiet	100%	---	
Mandal	100%	187	59%
Lister	18%	---	
Otredal	0%	---	
Vest-Nedenes	22%	---	
Arendal	0%	---	
Aust-Nedenes	100%	293	68%
Bamble	18%	---	
Skien	100%	177	46%
Aust-Telemark	100%	---	
Vest-Telemark	0%	---	
Heile bispedømme	48%	219	57%

¹⁾Gjennomsnittlig antall timer opplæringstilbud i menigheter som er i gjennomføringsfasen

²⁾ Gjennomsnittlig deltakerandel ved et utvalg trusopplæringstilbud i de menigheter som er i gjennomføringsfasen: Dei tiltaka som er valde ut til å målast er flgjannde: Dåpssamtale, 4 års fasen, 6 års fasen, Tårnagenter, LysVaken, konfirmasjon og året etter konfirmasjon.

I samråd med Kyrkerådet og departementet er det berre rekna ut antall timar og oppslutnad for dei tre prostia som har vore i gjennomføringsfasen frå 2008, 2009 og 2010. Dei to prostia som kom med frå 2011 er framleis i ein oppstarts-fase og difor er det ikkje naturleg å måle effekten av reformen her.

I Aust Nedenes prosti er det ein kyrkjelyd som dreg veldig opp antall timar i

stor grad grunna eit utbredt samarbeid med det kontinuerlege arbeide hjå dei kyrkjelege organisasjonane. Difor har dei eit høgt timetal i prostiet generelt. Dei har også færre tiltak enn Mandal og Skien prosti. Men det dei gjennomfører har ein bra oppslutnad. Få tiltak med bra oppmøte forklarar den høge oppmøteprosenten. Mandal og Skien har eit høgare aktivitetsnivå og fleire tilbud.

Trusopplæringsreforma si utbreiing

I 2011 blei det tilført nye faste trusopplæringsmidlar til alle kyrkjelydane i Kristiansand domprosti og Aust Telemark prosti. Det utgjør 30 nye sokn. Det er gjennomført grundige prosessar når det gjeld fordeling av ressursane på lokalt nivå. Det er også halde ei rekkje kurs for både friviljuge og tilsette i dei 2 prostiane for å hjelpe dei i gang med arbeidet med reforma. Det er no 5 av 11 prosti i bispedømmet som er med i Trusopplæringsreforma. I tillegg er det 6 sokn som framleis er i forsøksfasen. Alt i alt er det no 48 % av kyrkjelydane i Agder og Telemark som er innlemma i trusopplæringa med nye faste midlar. Det er difor eit langt stykke att før trusopplæringsreforma er fullt gjennomført.

Omfanget av trusopplæringstilbud


Det gjennomsnittlege timetalet med trusopplæringstilbud i kyrkjelydar som er i gjennomføringsfasen er 218 timer.

Oppslutnaden kring trusopplæringsarbeidet i kyrkjelydane

Dei tiltaka som er valde ut til å målast er flgjannde: Dåpssamtale, 4 års fasen, 6 års fasen, Tårnagenter, LysVaken, konfirmasjon og året etter konfirmasjon.

4971 barn og unge blei inviterte til tiltaka

Gjennomsnittleg prosentvis oppslutnad om ulike trosopplæringstiltak i 2011.



nemt over. Til saman 2665 deltok. Dette gjev ein oppslutnad på totalt 54 % av alle som blei invitert. Dette er tal som fortel at det nyttar, og at mange får dette til. Men det skal òg nemnast at nokre av dei små kyrkjelydane strevar med å komme godt i gang.

Kyrkjelydar med godkjent plan

I 2011 var det alle kyrkjelydane i Mandal prosti og Aust Nedenes som skulle levere ein fornya plan for trusopplæring. Mange medarbeidarar på bispedømekontoret har vore involvert i arbeidet med å godkjenne planane. Etter ein grundig og tverrfaglig prosess har no alle 13 kyrkjelydane fått godkjent sine planar. To av kyrkjelydane fekk utsett frist til fyrste

veka i januar 2012 og fekk sine planar godkjent då.

Det er eit stort engasjement for trusopplæringa i bispedømmet. Dei prostia som enno ikkje har fått midlar byrjer å bli særst utålmodige. Det er ei krevjande oppgåve å halde inspirasjonen ved like når løyvingane uteblir. Vi merker at det no er knytt store håp til statsbudsjettet for 2013.

2.5 Organisasjonsutvikling – lokalt forsøks og utviklingsarbeid

Resultatmål for området:

«Kirkerådet og bispedømmerådene skal stimulere til økt organisatorisk samarbeid på tvers av menighets- og kommunegrenser».

Tabell med styringsparametere prostivis (endring frå over år)

	Antal fellesråd som deltar i forsøk/ har etablert samarbeids-ordninger		Sammenslåtte sokn
	2010	2011	2011
Domprostiet			
Mandal		1	
Lister		2	
Otredal			1
Vest-Nedenes			
Arendal			
Aust-Nedenes			
Bamble			
Skien		1	
Aust-Telemark	6	6	2
Vest-Telemark			1
Agder og Telemark bispedømme	6	10	4

Samarbeid innanfor trusopplæring utover konfirmasjon er ikkje tatt med i tabell over

«MENIGHETSUTVIKLING I FOLKEKIRKEN» (MUV)

«Menighetsutvikling» er eit av mange namn på det å drive kyrkjeleg arbeid. Målet er å gje konkrete verkty til kyrkjelyden i det å evaluere og prioritere. Agder og Telemark bispedømmeråd valde å ikkje vidareføre eit prosjektsamarbeid med «Naturlig Menighetsutvikling». I staden har bispedømmet gått inn i eit samarbeid med MF om prosjektet «Menighetsutvikling i folkekirken.» Prosjektet går over tre år, og er lagt til Skien prosti med prosten som leiar. I Skien prosti har fleire av prestane tatt vidareutdanning i emnet, og alle prestane var på studietur om emnet til England.

FELLES OPPLEGG FOR KONFIRMANTAR - TRUSOPPLÆRING

Både Lister- og Mandal prosti har sett i gang arbeid med et felles opplegg for konfirmantane. Mandal prosti har som mål at frå 2013 skal alle kyrkjelydane ha felles opplegg for konfirmantane med leir som eit viktig element. Lister prosti har allereie fleire sokn som arbeider saman om konfirmantar. Fleire prostar melder og om trusopplæring på tvers av sokn. Vi trur at slikt samarbeid på sikt vil gje

både betre undervisning for den enkelte konfirmant og forenkling og organisering og redusere behovet for medhjelparar.

AUST-TELEMARK

Prosjektet i Aust-Telemark som vurderer ulike modellar for samarbeid i prostiet er no i ei siste fase med høyringsrundar. Prosjektet har fått tildelt FOU-midlar frå KA

SAMARBEID PROSTAR OG KYRKJEVERJER

Samarbeidet mellom prostar og kyrkjeverjer i bispedømmet er blir handsama under pt. 3.5. Leiing og samvirke med andre kyrkjelege tilsette.

SAMANSLÅING AV SOKN

Agder og Telemark bispedømme har mange små sokn. Dei siste åra har det skjedd fleire samanslåingar.

Agder og Telemark bispedømmeråd har tru for at den beste prosessen skjer når ønskje om samanslåing kjem nedanfrå.

Sammenslåtte sokn i Agder og Telemark bispedømme i 2010-2011:

Nissedal sokn og Treungen sokn til Nissedal og Treungen sokn i Vest Telemark prosti – 15.02.2010

Evje sokn og Hornes sokn til Evje og Hornes sokn i Otredalen prosti – 22.02.2011

Attrå sokn og Mæl sokn til Attrå og Mæl sokn i Aust-Telemark prosti - 15.06.2011

Holla sokn og Helgen sokn til Holla og Helgen sokn i Aust Telemark prost – 15.06.2011

	Sammenslåtte sokn i bispedømmeråds-Perioden 2005-2009	Sammenslåtte sokn i bispedømmeråds Perioden 2010 -2011
Domprostiet		
Mandal	1 (Harkmark – Mandal)	
Lister	1 (Farsund – Spind)	
Otredal		1 (Evje og Hornes)
Vest-Nedenes		
Arendal	1 (Froland – Mykland)	
Aust-Nedenes		
Bamble		
Skien	1 (Gimsøy-Nenset)	
Aust-Telemark	1(Sauherad – Nes)	2 (Holla og Helgen) og (Attrå og Mæl)
Vest-Telemark		1 (Nissedal – Treungen)
Agder og Telemark bispedømme	5	4

I 2009 gjorde bispedømerådet vedtak om å opprette Helle sokn som eige sokn i Bamble prosti.

2.6 Kultur

Resultatmål for området:

Med forankring i KM 07/2005 Kunsten å være kirke, skal kunst og kultursatsingen sørge for at menighetens kulturkompetanse og kirkens koordinerende rolle styrkes, og spisskompetansen utvikles i bispedømmene. Målet er bred og økt kulturvirksomhet i menighetene og at Den norske kirke fremstår som en attraktiv og profesjonell aktør i norsk kulturliv innen alle kunstneriske uttrykksformer.



Den kulturelle skulesekken med Guds Gjøgler i Lund kyrkje. Her skodespelar Liv Marie Skaare Baden. (Foto: Arne Lunde)

1. Mål for kulturfeltet

Måla for kulturfeltet i Den norske kyrkja er å finne i kulturmeldinga KM 07/2005 og Kyrkjemøtevedtaket som høyrer til meldinga, mellom anna:

Kyrkjemøtet oppmodar sokna til å arbeide vidare med meldinga om Kunsten å vere kyrkje, bygge nettverk og gi rom for det kulturelle mangfaldet i kyrkja, slik at kyrkja kan vere ein offensiv kulturbærar, som tar eit breitt spekter av kunstformer og medier i bruk.

Kulturfeltet i Den norske kyrkja er spennande, rikt på moglegheiter, men og svore omfattande. Oppgåvene til kulturrådgevar famnar difor både musikk,

kyrkjemusikk, visuell kunst, scenekunst og litteratur, men og integrering av menneske med utviklingshemming og menneske med minoritetsbakgrunn. Spisskompetanseområdet i bispedømmet er integrering (utviklingshemming) og ungdom. Rådgeving kring finansiering av kulturtiltak er ein sentral del av stillinga. Krava til årsrapportering på kulturfeltet er gitt av Kyrkjerådet i brev av 1. juli 2011, "Målformuleringar, styringsparametere og indikatorar".

Årsrapport blir difor sendt Kyrkjerådet innan 1. mars, slik Kyrkjerådet ber om i brev av 1. juli 2011.

2. Verksemda til kulturrådgevar

Henvendingar frå sokn, kulturaktørar og offentleg sektor er aukande kring spørsmål om tilskotsordningar, søknadsrettleiing, rådgeving, kompetanse og samarbeidstiltak. Talet på innvilga søknader er det dobbelte av i fjor, medan innvilga beløp er nokså likt. Det er likevel ei interessant utvikling, då fleire sokn har fått tilsagn til sitt kulturtiltak. Det syner òg at kulturrådgevarstillinga er blitt betre kjent i bispedømmet.

2.1 Finansiering av kulturtiltak - Nokre døme:

Fjære sokn/St. Ragnvald akademiet	St.Ragnvald feirng 21. august. Nyskreve kantate ved Wolfgang Plagge	155 000 Norsk Kulturråd
Dansegruppa Brocks Kristiansand	Dans og DVD av og med ungdom. Førestellingar for kyrkje-rommet og offentleg arena	100 000 Barne, ungdom- og familiedirektoratet (Bufdir). Aktiv Ungdom 10 000 Cultiva
Skodespelar Liv Marie Skaare Baden	«Guds gjøgler». Den kulturelle skulesekken for 4. trinn. Lund kyrkje	45 0000 Kristiansand kommune
Agder og Telemark bispedømmeråd	Seminar om rekruttering til kyrkjemusikaryrket. Tema Utdanningsinstitusjonane. Bestillingsverk av islandsk komponist.	100 000 Norsk Kulturråd
Trefoldighet sokn	Ikonutstilling i Domkyrkja	8 000 Arendal kommune 1700 Kyrkjeakademiet
Kyrkjerådet	«Camilla Collett - Prestedotter og feminist». Den kulturelle skulesekken for vidaregåande skule 2013/2014. for kyrkjeromma i bispedømmet	45 000 Aust-Agder fylke 45 000 Telemark fylke

Søknader og tilsagn august 2009 – desember 2011:

	Talet på søknader	Innvilga beløp
2009	3 søknader	300 000
2010	13 søknader	1 045 000
2011	34 søknader	100 1000

Kyrkjestatistikk 2009-2010

Konsertar og Kulturarrangement	
2009	966
2010	1195
Auke	299

2.2 Kompetansehevande tiltak arrangert i bispedømmet

10.-13. mars 2011. Rekruttering til kyrkjemusikaryrket. Tema motivasjon og barn.

Føredragshaldar førsteamanuensis Henning Sommerro frå NTNU i Trondheim. Orgelelevar frå sokn og kulturskolar bidrog med konsertar. Tre kyrkjer blei tatt i bruk.

180 deltakarar. Bakgrunn: Kyrkjemøtevedtak 13. og 14. i KM 07/2005.

2.-3. november 2011. Nasjonal konferanse i regi av Kyrkjerådet: Integrering av menneske med utviklingshemming i kunst og kulturtiltak i kyrkja. Blant fleire bidrog desse:

Forbundsleiar Jens Petter Gitlesen frå Norsk Forbund for utviklingshemma (NFU) og forfattar Hanne Mathiassen. 114 deltakarar. Bakgrunn: Kyrkjemøtevedtak 8. i KM 07/2005.

2011: 15 større og mindre samlingar for kyrkja sine tilsette om tilskotsordningar og søknadsrettleiing: i stabsmøter, fagdagar i bispedømmet og i Organistforum i Skien sokn.

2.3 Samarbeidspartnarar

Nokre døme: Universitetet i Agder, Sørlandets Kompetansesenter, Agder Kunstnersenter og Kristiansand Folkebibliotek. Kulturrådgevar har besøkt 10 sokn, og samarbeid har mellom anna vore mellom Vinje kommune og

Farsund sokn kring seminar i 2012 om integrering av minoritetsspråklege i misjon og kultur.

2.4 Nye tiltak:

Grunnlovsjubileet 2014, 200-års jubileet for Camilla Collett og 200-års jubileet for Jørgen Moe, båd jubilea i 2013. Kulturrådgevar deltar i arbeidsgrupper i Kyrkjerådet og samarbeider med nasjonale aktørar, som Nasjonalmuseet og andre bispedømme.

Tunsberg bispedømme si utstilling "Kristuskransen" vil bli vist i nokre sokn i løpet av 2012.

2.5 Spisskompetanse

Det har vore 14 tiltak på kulturfeltet for ungdom og 6 tiltak på kulturfeltet for integrering av utviklingshemma. Blant tiltaka for ungdom er framføringar i Den kulturelle skulesekken i kyrkjerom, for i alt 700 elevar: i Lund kyrkje og i Vinje kyrkje. Blant tiltaka for menneske med utviklingshemming er rådgeving rundt finansieringsformer for kulturtiltak og nasjonal konferanse i Kristiansand 2.-3. november

2.6 Utfordringer og vidare arbeid

Arbeid mot det kyrkjemusikalske miljøet i bispedømmet gjennom styrking av større kyrkjemusikalske satsingar og tingingssverk og vekt på finansiering med offentlege kulturmidlar. Motivere sokna til samarbeid med kommunane om statlege midlar frå Den kulturelle spaserstokken og frå Den kulturelle skulesekken.

Kyrkjemusikalsk konsulent

I 2011 var det fleire orgelsaker på gang, både nye prosjekt og nokre som gjekk mot slutten. To orgelinnviingar fant stad; i Holla kirke (Stockmann, Tyskland) og i Klevstrand kirke (Reil, Nederland). Noregs best bevarte Hollenbach orgel fra 1888 finnes i Skåtøy kirke. Det restaurerast no så langt mogleg tilbake til original stand, og kontrakten blei underskrevet med orgelbaumeister Matthias Becker, Fredrikstad. Andre orgel som er i gang

er m.a. i Landvik og Tromøy kirker og Kristiansand Domkirke. Kirkemusikalsk konsulent deltok på seminar organisert av KA om 'De spesielle anskaffelsene', med hovudpunkt offentlig utreiing i samband med orgelsaker. Samarbeid med kulturrådgevar Tone Klev Furnes om seminar med tanke på rekruttering av barn til å spele orgel blei gjennomført i mars, med positive tilbakemeldingar. Det er gledeleg å høyre at fleire barn og ungdom nå har begynt å få undervisning på orgelet, anten gjennom kulturskulane eller kyrkja. I desember deltok konsulentten ved prøvespel saman med den nye kantoren i Skien kirke, som faglig medlem av komiteén. Det er ei glede å sjå at orgelparken i bispedømmet er i stadig i forbetring, og at barn og ungdom har høve til å bruke instrumentet.



2.7. Andre områder

2.7.1 Diakoni

Kirkemøtets vedtak 2011

«For at Den norske kirke skal nå målene i Plan for diakoni, jfr. KM 06/07, er det nødvendig at det opprettes flere diakonstillinger.

a. KM har forventninger om en betydelig økning i antall stillinger gjennom KM 09/11 Komitémerknader og Kirkemøtets vedtak 4 - tilførsel av statlige midler i denne stortingsperioden, jfr. Soria Moria II.

b. Innen 2015 må det innenfor alle prostier være minst en diakonstilling. I prostier med betydelige geografiske avstander eller med høyt folketall, bør det på dette tidspunkt være flere diakonstillinger.

c. På sikt må alle menigheter enten ha diakonstilling eller tilgang til diakonal kompetanse. «



Studierådgjevar i diakoni ved MF Jaynie Folgerø saman med Svanhild Frøkedal, diaakon i Vanse og Herad (Foto: Erling jakobsen)

Diakoniundersøkingar

På basis av blant anna kyrkjemøtets vedtak gjorde vi vår/sommar 2011 to undersøkingar i bispedømmet knytt til diakoni. Ei questback - undersøking til alle kyrkjelydar, og ei undersøking i alle fellesråd/kyrkjelydar som har diakonstilling.

I questback-undersøkinga deltok 42 kyrkjelydar og 12 fellesråd.


Det er mange svar som kan trekkast fram her, men vi vil konsentrere oss om diakoniplanar, økonomi og tankar knytt til ei ny diakonstilling i eiga kyrkjelyd

Diakoniplanar

I årsstatistikken for 2011 kjem det fram at det er om lag 50 % av kyrkjelydane som har eigen diakoniplan.

Det som kom fram i undersøkinga var at dei planane er vedtekne ganske så nyleg, dei fleste etter 2008. Det er vi svært nøgd med.

Av dei kyrkjelydane som svarte at dei ikkje hadde diakoniplan var det 43 % som arbeidde med å lage ein slik plan og 57 % som ikkje hadde tenkt å lage



nokon diakoniplan.

I motsetnad til trusopplæringsplanar er kyrkjelydane ikkje pålagde å utarbeide diakoniplanar. Nokre kyrkjelydar meiner dei ikkje treng ein slik plan, andre lagar ein felles plan for alt sitt kyrkjelege arbeid. Bispedømmet oppmuntrar kyrkjelydane som ikkje har ei eigen diakoniplan til å laga slik.

Kyrkjelydane sitt ønskje om å få diakon tilsett

Eit stort fleirtal av dei kyrkjelydane som ikkje hadde diakon tilsett, hadde ønskje om ei slik stilling. 89 % av kyrkjelydane som deltok og som ikkje hadde diakonstilling, kunne tenke seg ein slik tilsett.

Kyrkjelydanes tankar om økonomi og nye diakonstillinger

100 % av kyrkjelydane som pr i dag ikkje har diakonstilling, svarte at dei såg på mogelegheiten til slik stilling som svært liten. Dei kjenner dei må ha ekstern finansiering.

Diakonar og diakoniarbeidarar.

På neste side er det ein oversikt over talet på diakonar og diakoniarbeidarar i bispedømmets prosti samt oversikt over korleis desse er finansierte.

Oversikt over prosti	Antal årsverk	Finansiering		
		Fellesråd	Menighetsråd	Stat
Domprostiet	5	11 %	66 %	23 %
Mandal	2	100 %		0
Lister	3,5	35 %	30 %	45 %
Otredal	0,7	43 %	43 %	12,50 %
Vest B\Nedenes	2,2	50 %	50 %	0
Arendal	1		50 %	50 %
Aust Nedenes	0	0	0	0
Bamble	2,6	13 %	54 %	33 %
Skien	5,2	59 %	33 %	6 %
Aust Telemark	3,3	50 %	25 %	25 %
Vest Telemark	1,75	50 %	33 %	17 %
39 tilsett totalt	27,35	40 %	38 %	22 %

Mellom anna merkar vi oss at så mykje som 38 % av diakonane si samla løn er på innsamla midlar.

Det er særst vanskeleg for små kyrkjelydar, og kyrkjelydar som ikkje har mange private givarar eller fond, å finne midlar til å etablere nye diakonstillingar.

Vi har på slutten av 2011 fått mange kommentarar frå kyrkjelydar om at dei var misnøgdde med at det i statsbudsjettet 2012 ikkje var sett av midlar til nye diakonstillingar.

Det har ikkje skjedd mykje endring i talet på diakonar/diakoniarbeidarar som arbeidar i bispedømmet og stillingsstorleik.

Mange kyrkjelydar slit med finansiering, men dei har klart å dekke opp for løn og driftskostnader for stillingane i 2011. Her gjer mange av kyrkjelydane ein formidabel jobb med å få inn friviljuge gåver og støtte frå ulike samanhengar.

Det leie er at kyrkjemøtet forventar sterk auke i antal stillingar og at diakonal kompetanse skal vere tilgjengeleg i alle kyrkjelyder innan kort tid, utan å sørge for finansiering av slike.

Det er i desember 2011 blitt oppretta ei ny stilling som diakoniarbeidar i Lillesand finansierte av Lillesand kommune.

Fagleg oppdatering av diakonar

Bispedømmet arbeider på ulike vis med å stimulere til at det er god fagleg oppdatering av diakonar og diakoniarbeidarar i bispedømmet.

Det er organisert prostivise faggrupper

som samarbeider over kyrkjelydsgrensar om tiltak som egner seg til det, til dømes sorgarbeid.

Det vert halde halvårlege fagsamlingar for diakoniarbeidarar kor aktuelle emne vert tekne opp.

Level



Level er eit konsept knytt til kommunikasjonskurs for ungdom og par.

Tidlegare er det rapportert om det arbeidet bispedømmerådet gjer innan kommunikasjonskurs for å styrke samliv kompetansen for ungdom og par.

Level har i 2011 fått tildelt midlar frå BUF Dir. sentralt til evaluering av dette arbeidet. Agderforskning i Kristiansand gjennomfører i desse dagar dybdeintervju med par som har delteke på ulike kurs i Levels regi. Sjå heimeside om Level sitt arbeid og tilbod www.level-samliv.no

10 av dei 15 kommunane i Vest Agder er LEVEL kommuner.

Arbeid med å vekse vidare inn i Telemark og Aust - Agder pågår. Så langt er Lillesand kommune blitt med av kommunane frå

Aust - Agder og har vedteke det i kommunestyret i desember 2011. Fleire andre kommunar i både Vest - Agder og Aust - Agder vurderer nå det same.

Diakoni og nye samhandlingsreformer i Noreg

Det diakonale arbeidet i kyrkjelydane har ein sterk funksjon innanfor det førebyggjande, rehabiliterande og friviljuge arbeidet. Jf. St.meld. nr 39 (2006-2007) Kap 16.

Kyrkja sitt diakonale arbeid kan vere ein god samspelar i kommunane sitt arbeid med å oppfylle krav i nye reformer som **Samhandlingsreforma 47 (2008-2009)** og **NOU 11/2011**. Diverre har mange sokn ikkje diakonale medarbeidarar. Staten viser ofte til at òg kyrkja skal få sin del av auka statleg tilskot til kommunane. Her ligg det til rette for at eit samarbeid mellom kommunane og kyrkja sitt diakonale arbeid kan vere med å gjere lokalsamfunna til stadig betre stader å bu. Vi håper kommunane ser kor viktig ei diakonstilling er.

2.7.2 Integrering



Hanne Mathiassen las egne dikt på nasjonal konferanse om integrering. Kai Andreassen spiller gitar. (Foto: Dag Kvarstein)

Den store satsinga i 2011 har vore forkynningsprosjektet. 13 kyrkjelydar i Agder og Telemark bispedømme vart saman med andre kyrkjelydar i Noreg, Finland og Danmark spurde om å vere med på å lage inkluderande forkynning til to bøker til IKO-forlaget. Den første boka kom hausten 2011, den andre kjem til påske 2012. Dei deltakande kyrkjelydane har i 2011 planlagt, gjennomført og skildra ei universell forkynning på ei vanleg gudsteneste med utgangspunkt i ein av dei nye forteljingstekstane. Integreringsrådsgjevar har koordinert prosjektet og til dels vore med på planlegging og gjennomføring.

Det vert framleis arbeidd med å følgje opp Helse- og omsorgsdepartementet sitt rundskriv I-6/2009 om rett til eigen trus- og livssynsutøving for alle i den offentlege omsorg. Utdelinga av brosjyre, bok og møter med fylkesmannsstatane i 2010, vart fulgt opp ved at

integreringsrådsgjevar i 2011 deltok på omsorgskonferansar i dei tre fylka og presenterte tematikken for dei ansvarlege i kommunane. Nokre kommunar følgjer opp, medan fleirtalet ikkje verkar å gjere det. Utan ei kartleggjing av stoda, er det vanskeleg å få god oversikt, men det kjem i alle fall ikkje mange tilbakemeldingar frå kyrkjeleg tilsette som har blitt kontakta av det offentlege med invitasjon til samarbeid slik det departementale rundskrivet legg opp til. Diakonirådsgjevar og integreringsrådsgjevar arbeidar saman med lokale krefter om vidare oppfølging.

Tilrettelagde tiltak

Satsinga på tilrettelagde tiltak for menneske med utviklingshemming held fram i Agder og Telemark bispedømme også i 2011. Talet på tilrettelagde tiltak er det same som i fjor; 16 tilrettelagde tiltak har samlingar kvar månad eller oftare.

I tillegg kjem tilrettelagd konfirmantgruppe, samarbeidsforum, integreringsutval, leirarbeid og fleire meir sporadiske arrangement. For både å inspirere til igangsetting av nye tiltak, samt å hjelpe dei som allereie er i gang, samarbeida kulturrådsgjevar og integreringsrådsgjevar om ei 12-siders brosjyre om moglegheit og tilskotsordningar. Brosjyra vart sendt ut i januar 2011.

Nasjonal konferanse

I eit samarbeid mellom kulturrådsgjevar i kyrkjerådet og Agder og Telemark bispedømmeråd ved integreringsrådsgjevar og kulturrådsgjevar, vart det i november arrangert ein nasjonal konferanse i Kristiansand med temaet «Kunst og kultur - integrering, tilrettelegging og muligheter for menneske med utviklingshemming.» Konferansen hadde 110 deltakarar der om lag halvparten var frå Agder og Telemark bispedømme. Mange av dei gode eksempla som vart viste på konferansen, var frå vårt bispedømme og synte stor variasjon og kreativitet. Mellom anna vart det i 2011 for første gong arrangert ei pilegrimsvandring for menneske med utviklingshemming (Otredal prosti).

Hanne Mathiassen, forfattar med Downs Syndrom, har vore aktiv som ambassadør gjennom ei rekkje opptredenar både i og utanfor bispedømmet. Ho er ei fantastisk synleggjering av mennesket bak funksjonshemminga i tillegg til at ho er ein dyktig poet. Ho har samarbeida i 2011 mykje med organisten i Gulset menighet, mellom anna i samband med den kulturelle skolesekken.

2.7.3 Ungdomsarbeid

Agder og Telemark Bispedømmeråd tilsette den 1. september 2011 ungdomsrådgjever i 100% stilling, i samarbeid med Kirkens Nødhjelp som dekker 25% av stillinga. Saman ønskjer dei ei brei satsing på ungdom i bispedømmet. Samtidig vart driftsansvaret for «Konfcamp» og «Roadservice» overteke av høvesvis Acta(Normisjons ungdomsarbeid) og stiftelsen Skjærgårdsgospel.

Ungdomsarbeidet i bispedømmet er stort og spennande, og det drivast godt arbeid av ungdomsarbeidarar og ungdomsleiarar i bygd og by. Ungdomsrådgjever starta sitt arbeid med oppfølging av desse, og god kontakt vart oppretta hausten 2011. Enkelte kyrkjelydar fekk besøk av ungdomsrådgjever til hjelp i arbeidet lokalt. Ungdomsrådgjever sender kvar veke e-post til 111 kontaktar som i ein eller annen grad jobbar med eller for ungdom. Frå denne kontaktflata jobbast det vidare med lokalt arbeid eller større samlingar i prostia. Fleire stader i bispedømmet samarbeidast det med organisasjonar rundt ungdomsarbeidet. Ungdomsrådgjever opprettar kontakt med våre samarbeidspartnarar. Dette har ført til spennande samarbeid så vel mellom kyrkjelydar som over kommunegrensar.

Ungdomsrådgjever opprettar også, i samarbeid med ungdomsarbeidarane,

ein idébank kor det kan hentas ut idear, opplegg, tips, songar samt ferdige produkt som Quiz og korte andaktar. Dette er etterspurd, og ei god hjelp når ny veke med nye oppgåver ligg framfor.

Frå Kyrkjerådets brosjyre om ungdomsdemokrati kan vi lese:

- Kvart år blir det arrangert ungdomsting i alle bispedømme i Den norske kyrkja. Ungdomstinget jobbar med spørsmål som unge er opptekne av når det gjeld kyrkje, samfunn, tru og liv. Sakene blir sende vidare til dei som treng å høyre kva ungdomstinget meiner. Alle medlemmer i Den norske kyrkja som er mellom 15 og 30 år, kan vere med på ungdomstinget.
- På ungdomstinget blir det valt eit ungdomsråd med 6–10 medlemmer. Medlemstalet kan variere frå til bispedømme til bispedømme. Ungdomsrådet er ansvarleg for å følge opp sakene frå ungdomstinget, planleggje nytt ungdomsting og arbeide med andre aktuelle saker.


Ungdomstinget i Søgne, 1. - 3. april 2011, blei eit godt treffpunkt med spesiell satsing på ungdomsarbeidarar i bispedømmet. 33 deltakarar hadde ei flott helg på alle vis. Planlegginga av Ungdomsting i

2012 kom godt i gang, og det leggest opp til ei helg med to program; eitt for delegatar til UT og eitt for ungdomsarbeidarar. Dette er ei spennande utvikling for Ungdomstinget.

Ungdomsrådet (UR) gjennomførte 7 treff i 2011. Rådets leiar er Stian Berg frå Gulset kyrkjelyd i Skien. 1. november møttest UR og bispedømmerådet. UR la fram saker som ungdom i kyrkja er opptekne av. Dette blei eit viktig møte med sær gode tilbakemeldingar! Bispedømmerådet har avsett midlar til dette viktige arbeidet og finansierer også store deler av utgiftene til Ungdomstinget.

Ungdomsrådgjever var også med å starte eit rekrutteringsprosjekt for å auke interessa for søknad til prestestudiar blant ungdom. Samtidig drivast ei oppfølgingsteneste for studentar som allereie har starta sine studiar og treng rettleiing undervegs. Dette programmet kallas «Mesterlære» og er omtala særskilt.

Diagrammet nederst viser talet på ungdomsarbeidsstillingar pr. prosti og finansiering av desse. Det går fram at nær halve finansieringa er gåveinntekter.



2.7.4 Misjon

Misjonsavtaler og endring i desse (prostivis)

Misjonsavtaler i bispedømmet					
Prosti	Talet på sokn	Talet på avtaler	Avtaler pr sokn 2011	Avtaler pr sokn i 2010	
Domprostiet	12	15	125 %	125 %	
Mandal	15	14	93.3 %	93.3 %	
Lister	16	15	93.8 %	93.8 %	
Otredal	9	8	88.9 %	80 %	
Vest-Nedenes	9	8	88.9 %	88.9 %	
Arendal	9	8	88.9 %	77.8 %	
Aust-Nedenes	9	8	88.9 %	89 %	
Bamble	12	9	75 %	83.3 %	
Skien	14	8	57.1 %	64.3 %	
Aust-Telemark	16	14	87.5 %	87.5 %	
Vest-Telemark	17	16	94.1 %	94.1 %	
Agder og Telemark bispedømme	138	123	88.5 %	89.4 %	

Misjonsrådgivar sitt arbeid skjer i nært samarbeid med SMM (Samarbeidsrådet for menighet og misjon). I Agder og Telemark bispedømme er alle SMM organisasjonene med i styringsgruppa. Ei viktig oppgåve er å oppmuntre dei lokale kyrkjelydane til å bruke misjonsavtalen aktivt, slik at misjon gjennomsyrrer kyrkjelyden på ein naturleg måte. Som tabellen ovanfor viser har dei aller fleste kyrkjelydar misjonsavtaler. I Skien prosti er det enno ein del kyrkjelydar som ikkje har misjonsavtale. Ein ser at det har vore ein nedgang i talet på avtaler i Skien prosti frå 2010 til 2011. Det skuldast at ein har rydda opp i ein del gamle avtaler som har gått ut på dato og som nå er avslutta. Vi har sett i gang eit arbeid mot desse som vi trur vil gje resultat i inneverande år.

Framleis er det mange som strever med å få avtalane til å fungere tilfredsstillande. Det skuldast at dei får for liten plass i kyrkjelydens liv. Ein grunn som vi tidlegare har peika på, er at nokre av organisasjonane strever med og fylgje opp misjons-avtalane på ein god måte. Det krev god informasjon frå prosjekta dersom han skal bli til inspirasjon for den lokale kyrkjelyden.

Ein del av misjonsrådgjevars stilling vert brukt inn mot trusopplæring. Dette for å styrke misjon inn i reformsatsinga. Så langt merker vi at dette gjev gode resultat.

Eit nytt tiltak i 2011 var at SMM var til stades på «Alternativ messa» i Kristiansand. Vi meldte oss på via gruppa «I Mesterens lys» som igjen er ein bevegelse i organisasjonen Areopagos. Gjennom ei helg stod vi på stand og delte ut materiell og tilbød forbøn og velsigning til dei som ynskte det. Dette var særst positivt og vi planlegg å gjere dette igjen.

Fleire kyrkjelydar har i året som har gått, besøkt sine venskapskyrkjelydar. Atten medlemmar frå Barbu kyrkjelyd besøkte sine misjonærutsendinger i Kamerun. I den samanhengen møtte dei òg representantar frå vårt venskapsbispedømme i Sud Oust synoden i Kamerun. Bispedømmet inngjekk i november 2009 ein venskapsavtale med Region Sud-Ouest Eglise Evangélique Luthérienne du Cameroun (EELC).

KIA

Agder og Telemark bispedømme er medlem av Kristent Interkulturelt Arbeid (KIA). KIA har i fleire år hatt avdeling i Kristiansand og Skien. No har dei òg starta opp avdeling i Lyngdal, Mandal, Grimstad og Arendal. KIA jobbar for meir fleirkulturelt fellesskap, for likeverd, omsorg og venskap mellom alle menneske i Noreg, uansett kulturbakgrunn, språk eller religion.

Den kompetansen som KIA har er viktig for bispedømmet vårt då stadig fleire kyrkjelydar har innslag av framandkulturelle i sine fellesskap. Eit døme på eit godt samarbeid mellom KIA og lokale kyrkjelydar, er Eidanger kyrkjelyd i Skien prosti. Her har diakonen i fleire år arrangert internasjonale middagar, hatt kvinnegruppe, turgruppe, bibelgruppe, og internasjonale gudstenester. Alt dette i nært samarbeid med KIA.

Internasjonal kyrkjelyd i Kristiansand (KIC - Kr.sand International Church).

KIC er eit felles 3-årig prosjekt mellom Kristiansand kyrkjelige fellesråd, Det norske misjonsselskap (NMS) og Agder og Telemark bispedømmeråd. Kyrkjelyden har regelmessige samlingar og er ein ressurs for andre kyrkjelydar når det gjeld å integrere framandkulturelle i sine fellesskap. Fram til årsskiftet har det vore tilsett prest i 50 % stilling. Takka vere permanente midlar frå Kristiansand kommune vert denne stillinga utvida til opp mot 100 % frå 2012, og ein kan frå no av etablere KIC som ei fast ordning i Kristiansand.

2.7.5 Forbruk rettferd og miljø

Bispedømmerådet har nedsett ei ressursgruppe som jobbar med «Forbruk, miljø og rettferd». Grappa har hatt jamnlege møte gjennom året og utarbeidd ein handlingsplan der ein har teke utgangspunkt i KM 4/07 «Truet liv – troens svar». Kirkens vitnesbyrd i lys av klimaendringar og arbeid med miljø,

forbruk og rettferd». Grappa har prøvd å konkretisere dei tiltaka som kyrkjemøtet utfordrar bispedømmeråda til å sette i verk. Handlingsplanen vart handsama i bispedømmerådet i september 2011. Her blei det uttrykt positiv vilje til å arbeide med planen. Det har vi gjort og det har vore besøk av seniorrådgjevar

i Kyrkjerådet Hans Jürgen Schorre som har kome med gode innspel til vidare arbeid. I første omgang kan det sjå ut som at tiltak som går på å gjere fleire kyrkjelydar «grøne» vert prioriterte. Fylgjande statistikk visar korleis stoda er i vårt bispedømme:

Miljøfyrtårn – Fellesråd	Miljøfyrtårn – kyrkjelyd	Miljøfyrtårn Bispedøme	Antall «Grøne kyrkjelydar
2	7	1	8

Som tabellen viser er det eit stor potensiale for å auke miljøengasjementet i kyrkjelydane i bispedømet

2.7.6 Pilegrimsvandringar i Agder og Telemark bispedømme 2011



Fra pilegrimsleden ned mot Røldal (Foto: Geir Myre)

Hovudvandringar 2011

Det er to hovedruter med pilegrimsaktivitet i Agder og Telemark bispedømme, begge går til Røldal kyrkje, som historisk sett er Noregs viktigaste pilegrimsmål nest etter Nidarosdomen. Hovedleden til Nidaros har fått store løyvingar over statsbudsjettet, men dei ulike rutene til Røldal er finansiert lokalt utan statlege midlar.

Det har vore organiserte pilegrimsvandringar på ruta mellom Hovden og Røldal sidan 2007, medan ein frå Vest-Telemark har hatt vandringar sidan 2003. Dermed tok ein opp att ein tradisjon som hadde stått sterkt i fleire hundre år

frå mellomalderen av. Denne oppvakninga av pilegrimstradisjonen har ført til konkrete planar om eit pilegrimssenter i Røldal som skal stå ferdig i 2014-2015.

Rute 1: Hovden – Røldal:

Fire dagars pilegrimsvandring med to vandreggrupper som starta høvesvis 27. juni og 28. juni. Til saman var det 25 deltakarar på desse to vandringane.

I tillegg var det 30 deltakarar på ei dagsvandring for pilegrimmar frå Austmannalia til Røldal.

Turane var eit samarbeid mellom Hovden Fjellstoge og Agder og Telemark bispedømme.

Rute 2: Vest-Telemark-Røldal

- Ni dagars pilegrimsvandring frå 23. juni med totalt 30 deltakarar. Samarbeid mellom prostidiakonen og lokale lag.
- Fem dagars pilegrimsvandring frå Grunge til Røldal i slutten av august, «Å vandre med håp», med til saman 80 deltakarar, der nokre gjekk heile turen og andre berre ein del av han. Eit samarbeidsprosjekt mellom prostidiakonen i Vest-Telemark og psykisk helsevern.

Andre vandringar 2011

I tillegg til desse langvarige pilegrimsvandringane, foregår det lokale pilegrimsvandringar, gjerne dagsvandringar til lokale pilegrimsmål fleire stader. Dette er blant anna tilfelle i Vennesla og flere stader i Telemark der både konfirmanter, kyrkjelege tilsette og barn deltok i pilegrimsvandringar i 2011. I Telemark deltok det ca. 150 personer på slike dagsvandringar i 2011.

Mellom anna har bispedømmerådet og prostane og bispedømmekontoret sine tilsette deltatt i dagsvandringar på pilegrimsleden til Røldal i 2011.

3. Prestetenesta

Hovudmål for prestetjenesta.


«Bevilgningene til prestetjenesten har som mål at alle menigheter i Den norske kirke skal ha fast geistlig betjening, slik at tjenesten er nærværende i alle lokalsamfunn. Alle sokn skal være betjent av en eller flere prester.»

I 2010 var det 2477 medlemmer pr. prest i Agder og Telemark bispedømme. I landet totalt var talet 2950. Det er store forskjellar i soknstruktur og geografi. Denne indikatoren kan derfor ikkje aleine beskrive arbeidsmengda for prestane. I samband med nødvendige reduksjonar i prestestillingar i 2010 og 2011 har ein difor i tillegg til medlemstal, også sett på reiseavstandar, talet på gudstenester og kyrkjelege handlingar pr. prest.



Petter Jakobsen blei ordinert i Notodden med teneste som ungdomsprest i Seljord.

Medlemmer pr prest



Diagrammet over viser utviklinga i medlemmer pr prest fordelt prostivis. På dei stadene det har skjedd vesentlege endringar heng det saman med endringar i talet på prestar. I Arendal og Skien blei stillingstalet redusert i

2010, men endringane skjedde ved naturlig avgang i 2011. I Aust-Nedenes, Aust-Telemark og i Vest-Telemark, altså i dei tre prostia som hadde lågast tal på medlemmer pr prest, blei det vedteke stillingsreduksjonar i sam-

band med budsjettet for 2011. Totalt for bispedømmet har talet på medlemmer pr. prest auka med ca. 3% frå 2010 til 2011, medan talet på landsbasis viser ein mindre reduksjon.

	Antall ledige prestestillinger i bispedømmet	Antall nytilsatte prester, eksklusive overgang fra annen prestestilling	Antall prester som har fratrudd stillinger før fylte 67 år, eksklusive overgang til annen prestestilling
Domprostiet		1	1
Mandal			2
Lister		1	
Otredal			1
Vest-Nedenes			
Arendal			
Aust-Nedenes		1	1
Bamble	1		
Skien		1	
Aust-Telemark		1	
Vest-Telemark		1	
Heile bispedømme	1	5	5
Landet	2,8	4,6	3,55

I tabellen til venster går det fram at bispedømmet har ei stilling som har vore utlyst, men der det ikkje har skjedd tilsetjing. Den aktuelle stillinga var ei 50 % stilling som vi ikkje fekk søkjarar til. I 2012 er stillinga auka til 75% og lyst ut på nytt. Då kom det inn 4 søkjarar til stillinga. Det har vore 11 tilsetjingar i rapporteringsåret 5 av desse var nye tilsetjingar.

Omtale av rekrutteringsprosjektet

Bispedømmet har sidan august 2011 arbeidd med ein plan for å realisera prosjektmidla som departementet har stilt til rådvelde for å auke rekrutteringa til presteyrket. Medarbeiderar i avdelinga for kyrkjeliv har laga prosjektplanen. Mellom anna har nytilsett ungdomsrådsgjevar hatt dette som del av si oppgåve.

For å kartleggja årsakene til at unge menneske tek til å studere teologi og tek sikte på prestetjeneste, engasjerte bispedømmet to teologistudentar, Petter Lorentzen og Kristian Sveinall Øgaard.

Hovudmålet med rekrutteringsprosjektet har vore tredelt:

1. Korleis formidle kall og utfordring til teneste i ungdomsmiljøa?

Erfaringa her er at sterke, pulserande ungdomsmiljø i kyrkjelydane «produserer» teologistudentar. Difor vil ein retta informasjon og kontaktverksemd spesielt mot slike kyrkjelyder, i tillegg til mot arrangement som Ungdomstinget, Skjærgårds og Arena. Blant anna er det utarbeidd ein informasjonskampanje med plakatar og brosjyrer.



Plakat laga til prosjektet (Foto: Jon Anders Skau)

2. Korleis ta vare på teologistudentane slik at kallet til teneste vert vara og utvikla?

For å svare på dette er prosjektet «Mesterlære» utvikla, eit tiltak for å auke rekrutteringa til presteyrket. Det handlar om å invitere studentar frå andreåret i presteutdanninga til å bli med på ei treåring ordning med ei veke praksis pr. semester hos same prest. Poenget er å knytte det

akademiske studiet tettare saman med det praktiske livet i kyrkjelyden og ha ein person å identifisere seg med.

Det er planlagt besøk på alle dei teologiske utdanningsstadene her i landet. Det er knytt ni prestar til ordninga. Dei er villige til å vere «mestarlarar» for to studentar kvar. Budsjettet er på 10 000 kroner i utgifter på kvar prest i året.

3. Korleis styrkar vi rekrutteringa og fokus på presteteneste i kyrkjelydane i bispedømmet, og særleg blant prestane våre?

Det viktigaste her er at dei unge møter prestar som er nøgde og glade i jobben sin.

I tillegg kan følgjande moment nemnast:

- Ta opp temaet på prestemøte og storsamlingar i bispedømmet
- Samarbeide med kyrkja si trusopp-læring for 15-18-åringar
- Settje i verk innføringsprogram for nye prestar.

3.1 Lokal presteteneste

Resultatmål for feltet

«Prestetjenesten skal være tilpasset lokale forhold og utfordringer».

I alle prosti er det utdanna ein prest i gudstenestearbeid. Desse har gjennomgått eit kurs i regi av REU/MF saman med ein organist/kantor. Dei har fått eit særskild ansvar for å vere ressurspersonar i samband med implementeringa av ny liturgi i prostia. Fleire prostar rapporterer at i høve til gudstenestereforma har desse vore til uvurderleg hjelp for kyrkjelege tilsette og kyrkjelydane.

Fleire prostar rapporterer at i høve til gudstenestereforma har presten og kantoren frå kvart prosti, som fekk spesialkompetanse på området i 2010, vore til uvurderleg hjelp for kyrkjelege tilsette og kyrkjelydane.

I Skien prosti er prosten ansvarleg leiar av prosjektet «Menighetsutvikling i folkekirken». To av prestane som deltek har vidareutdanning frå MF om emnet og nyttast som ressurspersonar i prostiet

Dei andre prestane med spesialisert teneste er ungdomsprestar, seniorprestar og sjukeheimsprestar samt ein prest med ansvar for pilegrimsarbeide.

Fagdagane for prestar 2010 gav god erfaring i å bruke enkeltprestar sin spesialkompetanse som ressurs for fellesskapet. Utfordringa i så måte er både å bruke den kompetansen prestane har og dessutan styre etterutdanning i retning av den kompetansen kyrkja sentralt og lokalt treng.

Pilegrimsvandringane har vore leia av prostidiakonane og ein kyrkjelydsprest.



I kvart prosti har ein prest utdanna i gudstenestearbeid gått på eit kurs saman med ein organist/kantor. (Illustrasjonsfoto: Tatt i samband med Safari i Bamble, eit arrangement i Den kulturelle skulesekken, Bamble menighet)

Tabell for spesialisering innafor prestetenesta med endringar.

	Andel menighetsprester som er gitt et spesialisert ansvarsområde innen prostiet	
	2011	2010
Domprostiet	2	3
Mandal	1	1
Lister	1	1
Otredal	1	1
Vest-Nedenes	2	1
Arendal	2	2
Aust-Nedenes	1	1
Bamble	1	1
Skien	6	4
Aust-Telemark	3	2
Vest-Telemark	1	1
Agder og Telemark bispedømme	21	18

3.2 Kompetanseutvikling

Resultatmål for området

«Prestene skal stimuleres til å utvikle kunnskaper, ferdigheter, holdninger og motivasjon for tjensten».

Til saman 53 prestar har i 2011 tatt del i eit studieopplegg, anten i samband med kompetansrådet eller anna studieopplegg. Det utgjør om lag 40 % av arbeidstakarane.

Søknader til nye studieopplegg har vore noe mindre i år en tidlegare. Det trur vi ikkje minst skuldast alle dei pågåande reformene i kyrkja som tek mykje tid og merksemd i ein prest arbeidskvardag. Samstundes er vi nøgde med tala samanlikna med landsgjennomsnittet. Vi trur at medverkande til dette er måten vi organiserar etterutdanninga på i bispedømmet gjennom den kompetanseplanen som blei laga i 2009. Viktige endringar frå tidlegare var at prostiet ble hovudarena for tildeling av studiemidlar. Dessutan har den enkelte prest i samarbeid med prosten, ansvaret for å legge studiedagane inn i arbeidsplanane slik at det i liten grad har vore naudsynt for å sette inn vikar.

Etter tre år med denne kompetanseplanen har vi i år hatt ei grundig evaluering. Konklusjonen er at vi viderefører hovudtrekkane i planen. Prostiet vil fortsatt vere staden for tildeling av midlar. Samtidig ser vi behovet for å halde nokre midlar tilbake til disposisjon for REU, slik at og prestar som har behov for ein lenger studiepermisjon som f.eks. 3 månaders PKU kan få innvilga dette.

Som et resultat av denne evalueringa kom det og fram et behov for at vi i større grad enn tidlegare arbeider med å målstyre kompetanseutviklinga. Det bør være ein større samanheng mellom sentral kyrkjelege mål, bispedømmet strategi, lokale planar og den kompetanseutvikling som finn sted blant prestane. Vi meiner arbeidsgjevar skal være tydeligare på kva

Tabell med tallet studiedagar pr prest pr prosti og endring frå førre år.

	Gjennomsnittlig antall studiedager pr. prest	
	2010	2011
Domprostiet	4	10
Mandal	6	7
Lister	5	7
Otredal	32	6
Vest-Nedenes	10	11
Arendal	9	14
Aust-Nedenes	21	8
Bamble	10	18
Skien	12	10
Aust-Telemark	12	7
Vest-Telemark	10	19
Agder og Telemark bispedømme	10,8	10,5
Landsgjennomsnitt	6,5	6,4

Som ein kan sjå av tabellen over har kvar prest i gjennomsnitt at 10 dagar med studiepermisjon. I desse tala er inkludert både studie saman med prostiet og individuelle studieopplegg. Sjølv om tala er ganske jamne frå 2010 til 2011, skil eit par prosti seg ut med kraftig nedgang. I Otredal førte den såkalla «Vallesaken» til at det blei gjeve ein studiepermisjon til presten i 2010. I Aust-Nedenes hadde det same året ein av prestane fått tildelt Olavsstipendet.

kompetanse ein ynskjer at prestane skal inneha eller skaffe seg.

For inneverande år leggst det opp til at prestane skal ha ein individuell kompetanseplan. Denne skal lagast i samarbeide med prosten. Planen vil vere styrande både for den einskilde prest og for den kompetanseutvikling som skjer i prostiet.

Vi starta i 2011 opp et tverrfaglig kurs mellom prestar og trusopplærarar/kateketar i samarbeid med Misjonshøgskulen. Kurset er bygd opp etter same modellen som kurset vi hadde i 2010 for prestar/organister. Det er ein prest og

trusopplærar frå kvart prosti som deltek på kurset. Desse skal fungere som ressurspersonar i sitt prosti. Hovudfokus i kurset er korleis ulike yrkesgrupper kan samarbeide og samhandle i samband med trusopplæringsreforma.


3.3 Likestilling

Resultatmål for området

«Det skal motiveres og legges til rette for at flere kvinner søker teneste som menighetsprester og innehar lederstillinger i kirken».

	Andel kvinner i faste prestestillinger (%)	Andel kvinner i stillinger som biskop og prost (%)
Domprostiet	20,5	0
Mandal	16,5	0
Lister	25	100%
Otredal	14,3	0
Vest-Nedenes	30,2	0
Arendal	24	100%
Aust-Nedenes	25,6	0
Bamble	20,5	100%
Skien	21,4	0
Aust-Telemark	33,3	0
Vest-Telemark	11,9	0
Agder og Telemark bispedømme	22,5	25%

Og i 2011 har vi hatt ein jamn auke i talet på kvinnelege prestar. Vi er nøgde med den utvikla som har vore i bispedømmet dei siste 10 år i samband med tilsettingar av kvinner. Samstundes ser vi at talet på kvinner fortsatt er for lågt. Vi har tru på at vi med enda større fokus på ein god livsfasepolitikk vil kunne få fleire kvinner til å søke på stillingar i bispedømmet.



Tabell med kjønnsfordeling og gjennomsnittsløn - presteskapet.

	Totalt		Lederstillinger		Øvrige	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
Kjønnsfordeling - alle ansatte (%)	23,2	76,8	27,3	72,7	22,8	77,2
Kjønnsfordeling - heltidsansatte (%)	21,2	78,8	27,3	72,7	20,6	79,4
Kjønnsfordeling - deltidsansatte (%)	35	65	-	-	35	65
Gjennomsnittslønn (i 1000 kr)	473	482	594	597	461	473

3.4 Arbeidsvilkår

Resultatmål for området

«Prestene skal sikres gode arbeidsvilkår».

Tabell med styringsparameter for området. Tal for sjukefråvær og ikkje uttekne ferie- og fridagar pr prest. Dette ska vise utvikling over tid om ikkje bil fordelt pr prosti.

Sjukefråvær

Vi har i 2011 hatt ein auke på 0,2 % i sjukefråveret frå året før. Dette er ikkje dramatisk. Meir urovekkjande er den auken som har funne stad dei fire siste år, frå 4.52 % i 2008 og til 6.02% i 2011.

Det er vanskeleg å finne enkeltgrunnar til denne auken. Noko av forklaringa kan vere at tilsette brukar eigenmeldingsordninga betre nå enn tidlegare. Ei anna forklaring kan vere at gjennomsnittsalderen på presteskapet i Agder og Telemark er høggt. Noko kan og skuldast enkelte langtidssjukemeldingar blant fleire prestar. Vi ser og at sjukefråværet for kvinner er høgare enn for menn.

Som IA bedrift har vi laga ein handlingsplan der jo eit av siktemåla er å få ned sjukefråværet. Eit av tiltaka på denne planen er å sjå til at ferie og fridagar blir tatt ut jamleg, og på ein måte som er tenleg for den enkelte arbeidstakar. I 2011 innførte vi eit nytt verktøy, den såkalla «prostemodulen», som gjer det enklare å registrere og planlegge uttak av fridagar. Dette trur vi kan virke førebyggjande mot sjukemeldingar.

Et anna tiltak i handlingsplanen er å arbeide med rutine for oppfølging av sjukemeldte og gi betre informasjon til prostar/avdelingsleiarar om desse rutine. Vi har i samarbeid med NAVs arbeidslivssentre hatt fylkesvise kurs for prostar, avdelingsleiarar, verneteneste og arbeidstakarorganisasjonane. Vårt mål er i tillegg til å ha gode rutinar for oppfølgingstidpunkt og rutinar for sjukemeldte, også at innhaldet av denne kontakten og oppfølginga, stadig skal bli betre.

Bispedømmet har i tillegg til det regelverk som ligg for oppdatering av sjukemeldte,

	Gjennomsnittlig antall fridager pr. prest som ikke er tatt ut
Domprostiet	4,8
Mandal	4,0
Lister	-
Otredal	5,6
Vest-Nedenes	4,7
Arendal	2,0
Aust-Nedenes	3,7
Bamble	3,3
Skien	5,8
Aust-Telemark	0,9
Vest-Telemark	3,3
Agder og Telemark bispedømme	3,7

laga sin eigen oppfølgingsplan. Vi opplever samarbeidet med NAV både nyttig og godt og nyttar oss av deira kompetanse og rettigheter vi har som IA bedrift.

Innføringsprogram for nyttilsette

Vi har laga eit eige innføringsprogram for ny tilsette prestar. Dette er eit konkret og praktisk program som skal hjelpe den nyttilsette til å komme godt inn i ny teneste, både lokalt, i prostiet og i bispedømmet. Vi har og laga eit eige ressursdokument for dei nyttilsette som har sin første presteteneste.

Vegleing, ABV grupper

Arbeidsvegledning er i bispedømmet vårt fortsatt prioritert som eit viktig reiskap for å betre arbeidsvilkår. Det blir mellom anna lagt til rette for at alle nyttilsette skal vere med i ei ABV-gruppe. Dessutan får alle prestane jamlig tilbod om deltaking. ABV gruppene våre er såkalla kontinuerlege grupper der ein etter eit år kan velje om ein vil halde frem eller slutte. På den måten blir det ledige plassar i gruppene kvart år. I 2011 var 39 prestar med i ei ABV gruppe. Dette inkluderer alle prostane som har eigne vegleingsgrupper.

I 2011 har det og vore særleg satsa på individuell vegledning. Prestar som av ulike grunnar treng ekstra oppfølging har teke i mot tilbod om å ta i mot inntil fem timar med eigne vegleiar. Bispedømmet

har nytta eigne ABV-veglearar til denne oppgåva. I somme høve har vegleiarar med anna naudsynt kompetanse vore nytta. Dette har vore eit viktig tiltak i personalpolitikken. 12 prestar har nytta tilbodet om individuell vegleing i 2011.

Livsfaseprosjekt

I 2011 starta vårt livsfaseprosjekt opp i Skien prosti. Dette er tenkt å vare ut 2013. Grunnlaget for dette prosjektet var den rapporten som blei laga i 2009. Målgruppa for livsfaseprosjektet er i utgangspunktet yngre prestar. Men det har vist seg at skal ein drive ein aktiv livsfasepolitikk innanfor dei eksisterande økonomiske rammene, så må ein sjå dei ulike aldersgruppene og livsfase i samanheng. For å kunne gjennomføre livsfasepolitikk for ei gruppe prestar, er det nødvendig at resten av presteskapet har ei oppleving av at det drivast ein livsfasepolitikk som også møter dei i deira eigen livsfase. Livsfasepolitikk definerast då ikkje ut frå alder men ut frå arbeidstakarens livssituasjon.

Ein dynamisk og individuell tilrettelagt livsfasepolitikk lar arbeidstakaren sjølv vere med å avgjere kva livsfase han eller ho er i. Der dette er tilfelle kan ein innanfor eit prosti eller tenestedistrikt, drive med tenesteutveksling og arbeidsforskyving der alle både må «ta og gi» for at prestetenesta skal bli best mogleg tilrettelagt innanfor rammene av dei eksisterande ressursar.

I vårt livsfaseprosjekt i Skien, prøver vi ut mange ulike tiltak. Ein del av desse dreier seg om individuell tilrettelegging av tenesta med særleg fokus på yngre prestar. Så prøver vi òg ut fellestiltak, som til dømes fri ei høgtid i året, meir planlagt vidare- og etterutdanning, fadderordning for nye prestar og ymse velferdstiltak. Andre tiltak er retta inn på ei spesiell aldersgruppe. Blant anna vil vi legge til rette for at prestar med ansvar for barn ikkje skal arbeide meir enn to kveldar i veka. Livsfaseprosjektet vil avsluttast med ei grundig evaluering.

Personalsaker

Personalavdelinga har vore inne i konfliktløsning der det har vore vanskelige

forhold mellom prestestaben og kyrkjestabane. Samarbeidet med fellestråda om konfliktløsning har vore godt og nyttig. Bispedømmerådet har i 2011 som arbeidsgjevar motteke pålegg i samband med ei vanskeleg personal/konfliktsak frå Arbeidstilsynet. Saka er offentleg kjent frå media. Pålegget gjeld Arbeidsmiljølova § 2.2 der arbeidsgjevarane pliktar å legge til rette for et forsvarleg arbeidsmiljø for alle tilsette. Fellestråd og bispedømmeråd legg vinn på å innfri pålegget frå Arbeidstilsynet og legge til rette for eit forsvarleg arbeidsmiljø i dei aktuelle sokna.

Bispedømmet fekk som kjent tilleggstildeling i samband med terroranslag 22.07. Sidan midlane kom seint på året valte vi å legge til rette for eit

oppfølgingsopplegg i bispedømmet våren 2012. Vi planlegg fylkesvise samlingar. I tillegg til at alle prestane er innkalla, har vi invitert alle bispedømmets fellestrådtillsette. Målet for desse samlingane er todelt. Vi ynskjer å sette fokus på korleis ein som kyrkjeleg tilsett på ein god måte kan ta vare på seg sjølv og samstundes gjere ein god jobb når krise og katastrofe råkar. I tillegg vil vi ha ein gjennomgang av beredskapsplanar og strukturar.



Minnemarkering for 22. juli foran Kristiansand domkyrkje samla meir enn 10.000 deltakarar den 25. juli. (Foto: Dag Kvarstein)

3.5 Leiing og samvirke med andre kyrkjelge tilsette

Resultatmål for området

«Bispedømmerådet, biskopen og prestene skal sørge for god leiing av prestatjenesten og tilrettelegge for et positivt samvirke mellom prestene, kirkens valgte organer og andre kirkelige tilsatte».

Prostemøte

Biskopen har hatt 6 møte med prostane. Prostane har etterlyst praktisk og fagleg påfyll som leiarar. Følgjande er gjort:

Eit dataprogram for prostar er kjøpt til kvart prostekontor.

Prostemøtet er i løpet av 2011 organisert på følgjande måte. Ein dag på kvart møte er gjort til fagdag med fokus på prostane som leiarar. På siste møtet forelas til dømes professor ved Universitet i Agder, Harald Knudsen, om leiing med særskild vekt på innovasjon og endring. Denne samlinga gjekk over fleire dagar. Prosteseekretærene var med eit døgn. I tillegg til å ha eiga samling, fekk dei innføring i prostemodulen saman med prostane.

Samhandling prost - kyrkjevevje

Når det gjeld samvirke med valde organ i kyrkja og andre kyrkjelege tilsette, skjer det lokalt gjennom samhandlingsavtaler og HMT rundar, og ved at andre tenestegrupper er saman med prestane på tenestekonferansane prosten har med prestane. I Arendal fellesråd har til dømes kyrkjevevje og prost arbeidd saman om stabsutvikling.

På bispedømmeplan er det faste kontaktmøte mellom kyrkjevevjelaget og administrasjonen på bispekontoret.

Tabell med styringsparameter for området. Medarbeidersamtaler.

	Andel av prestene som har hatt medarbeidersamtale
Domprostiet	100%
Mandal	25%
Lister	100%
Otredal	86%
Vest-Nedenes	100%
Arendal	85%
Aust-Nedenes	100%
Bamble	100%
Skien	93%
Aust-Telemark	100%
Vest-Telemark	89%
Agder og Telemark bispedømme	91,3%

Prostane og kyrkjevevjene har kvart år eit fellesmøte. I 2011 var temaet: «En organisme – To ledere – Om å bygge menighet». Ein prost og ein kyrkjevevje innleia om korleis samarbeidet mellom prost og kyrkjevevje kan vere med å leggje til rette for det andelege livet i kyrkjelyden. Ein annan kyrkjevevje og prost hadde temaet: "Når målet er å byggje Guds rike, kva betyr det for samarbeidet mellom prost og kyrkjevevje når begge er nye i stillinga?"

I høve til andre kyrkjelege tilsette valde bispedømmerådet på grunn av trong økonomi, at prestane ikkje deltok på Stiftsdagane saman med tilsette i fellesråda. Alternativet ville vore å redusere talet på stillingar. Kyrkjevevjelaget gjennomførte samlinga for sine tilsette.

Prost - bispedømmeråd

Prostane har og eit møte felles med bispedømmerådet. Agder og Telemark bispedømmeråd har eit uttalt ønskje om å vere synleg for dei lokale kyrkjelydane

og for kyrkjelege tilsette. I den samanhengen er prostane inviterte til eit møte i rådet. I år fann dette møtet stad i Vrådal. Ein av sakene som vart drøfta var satsing på og erfaring frå pilegrimsarbeidet. Møtet vart avslutta med å vandre frå Olavskjelda til gudsteneste i Brunkeberg kyrkje.

4. Forvaltning


4.1. Økonomisk resultat

Rekneskapen for bispedømmerådet omhandlar kapitel 1590/4590 Kyrkjeleg administrasjon og kapitel 1591/4591 Presteskapet, og oversikta nedanfor viser resultatutviklinga for perioden 2003 – 2011.

Kapitel 1590/4590 Kyrkjeleg administrasjon har gjennom heile perioden hatt eit mindreforbruk i høve til tildelinga frå kyrkjedepartementet. For kapitel 1591/4590 Presteskapet viser oversikta at det i starten av perioden vert nytta meir enn den årlege tildelinga.

I 2004 vart det satt inn tiltak som gav innsparande effekt i påfølgjande år. Desse reservane er nytta til å oppretthalde aktivitetsnivået trass i reduserte tildelingar dei siste åra. I 2010 viste rekneskapen igjen eit meirforbruk, og det vart derfor satt i verk nye innsparingstiltak for 2011.

	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011
1590/4590 Administrasjon	82	121	177	478	170	372	276	212	450
1591/4591 Presteskapet	-521	-755	608	2 290	1 889	975	225	-505	411



Kapitel 1590/4590 Kyrkjeleg administrasjon, utanom tilskottspostar, viser eit netto forbruk på kr 12 404 000. Dette er eit mindreforbruk på kr 450 000 i høve til tildelinga for året. Mindreforbruket kjem mellom anna av at det ennå ikkje er nytta midlar i høve til særskilt tildeling på kr 200 000 til oppfølging av kyrkjeleg tilsette etter terrorhendingane 22.juli. Denne særskilte tildelinga vart kunngjort medio oktober, og bispedømmerrådet har starta planlegging av aktivitet som vil verta gjennomført i løpet av 2012. I tillegg inneheld mindreforbruket ein rest unnytta midlar til demokratireforma på kr 167 000. Dette er midlar som er søkt overført til 2012 og budsjettert til gjennomføring av «Kurs – del 2» for nye sokneråd valt hausten 2011.

Kapitel 1591/4591 Presteskapet, viser eit netto forbruk på kr 82 441 000. Dette er eit mindreforbruk på kr 411 000 i høve til tildelinga for året. Mindreforbruket kjem av at det ikkje fullt ut innan budsjettperioden er nytta særskilte løyvingar til eit Livsfaseprosjekt (rest unnytta i 2011 kr 214 000) og til eit Rekrutteringsprosjekt (rest unnytta i 2011 kr 213 000). Desse prosjekta fortsetter i 2012, og dei unytta midlane er søkt overført tilsvarende i samband med avslutning av rekneskapen for 2011. Det vart elles tidleg i 2011 gjennomført ein reduksjon på 1,1 prestestillingar for å unngå meirforbruk i budsjetterminen.

4.1.1. Prosjektrekneskap

Det vert forvalta eigne prosjektmidlar på til saman kr 3 331 000. For kvart prosjekt gjeld kravet om at alle utgifter skal verte dekte inn med tilsvarende inntekter. Dei prosjekta som inngår i denne posten er mellom anna LEVEL (samlivsprosjekt) kr 646 000, SMM (samarbeid om menighet og misjon) kr 444 000, Ungdomsting/ Ungdomsråd kr 96 000, Roadservice (landsdekkande team for konfirmantundervisning) kr 928 000 og KonfCamp (leir for konfirmantgrupper) kr 1 004 000. Inntekter til prosjekta kjem av eigenbetalingar, støtte frå samarbeidspartar og innsamla midlar frå kyrkjelydane i bispedømmet.

4.2. Forvaltning av tilskott

Det vart forvalta eigne tilskottsmidlar til kateketar, diakonar og kyrkjemusikk. Samla tilskott utgjorde kr 10 693 000, og desse tildelingane vart uavkorta fordelt i samsvar med retningsliner gjevne av departementet.

Det vart forvalta eigne tilskottmidlar til trusopplæring. Samla tilskott utgjorde kr 17 056 000, og desse tildelingane vart uavkorta fordelte i samsvar med retningsliner gjevne av departementet. Det er førebels berre Aust-Nedenes, Mandal, Skien, Domprostiet og Aust-Telemark, som er tilgodesett med tilskott til trusopplæring.


4.3. Risikovurdering

Bispedømmerrådet har utarbeidd verksemdsplan for 2011. Denne planen beskriv mål for verksemda, og tek utgangspunkt i dei mål, styringsparameter og resultatindikatorar som kjem fram i tildelingsbrevet frå departementet. Det ligg føre ei risikovurdering av dei mål som er innarbeida i verksemdsplanen.

I samband med revisjon av rekneskapen for 2010, vert det gjennomført ei vurdering av risiko for mislighald i økonomifunksjonen. Vi meiner at dei rutinar og interne kontrollfunksjonar som er innarbeida på økonomiområdet, førar til ei forsvarleg økonomihandsaming i verksemda.

Ved innkjøp vert gjeldande reglar om offentlege anskaffingar nytta, og anskaffingsprotokoll ligg føre. Det er ikkje gjort investeringar i 2011 som fører til bokføringar i kapitalrekneskapen (dvs. alle investeringar er utgiftsført som anvist i tildelinga til dei ulike kapitla og/ eller etter retningsliner gjevne i statens reglement for økonomistyring).

Månadleg rekneskapsrapport, avviksrapport i forhold til budsjett samt kommentarar, vart lagt fram til kvart møte i bispedømmerrådet. Av dette får bispedømmerrådet god kontroll, og godt grunnlag ved eventuelle behov for endring i budsjett disponeringa gjennom året. Resultat av jamn og tett rapportering på økonomiområdet, er god styring og utvikling mot eit rekneskapsresultat i balanse.



4.4. Godkjenningssaker etter kyrkjelova, bygningslova og gravferdslova



Frå Dypvåg kyrkje (Foto: Geir Myre)

4.4.1. Kyrkjebygg

Bispedømmet og ikkje minst Porsgrunn sokn mista ein av sine kulturskattar då Østre Porsgrunn kirke brann ned til grunnen 11. april. Brannen viste seg å vere påtend. Kyrkja hadde ikkje ennå fått sløkkjeanlegg. Det er fortsatt viktig

å få framskunda prosessen med å få sikra kyrkjene mot brann. Her må det både statlege og kommunale midlar til. Prosessane med å hente inn anbod og få godkjend sjølv anlegga er og kompliserte og krev grundig gjennomgang både av fagfolk på brannvernområdet



og av Riksantikvaren.

Totalt sett har talet på saker (innkomne og utgåande) gått ned i 2011 jamført med 2010. Utviklinga i tal på saker viser ein markant nedgang i dokument inn, men ei stabil mengd ut. 2009 skil seg ut med ei ekstra stor mengd saker. Dette hang saman med den store innsatsen som blei gjort med midlar til brannsikring av kyrkjene. Men det var og ei stor mengd saker knytt til inventar i 2008 – 2009.

Ser ein på talet på utgåande post, ser ein at det er ganske stabilt samanlikna med tala for 2006-2008 og 2010. Dette gjev nok det beste samanlikningsgrunnlaget for kor mange saker som har vore til handsaming kvart år. Når det gjeld variasjonar i mengd innkomande dokument, kan årsakane vere mange. Til dømes kan ein i allefall håpe at synfaringar fellesråda har med sakshandsamarar frå bispedømmet eller med Riksantikvaren gjer saksgangen meir effektiv. Det er og mogleg at den store satsinga i 2009 har ført til at ein har måtte bremse på investeringane 2010 – 2011.

Projektorar

Ein merker seg ei jamn pågang av saker knytt til projektor og lerret. Dette ser me som eit resultat av trusopplæringsreforma. Det hadde vore teneleg om ein kunne forenkla søknadsprosessen i slike saker då det ofte handlar om små inngrep. Dei rører i liten grad ved dei faste strukturane i kyrkja. Særleg gjeld dette der ein kan bruke veggflater i staden for lerret.



Rullestoltilgang


Arbeidet i kyrkjelydane med å gjere kyrkjene tilgjengeleg for folk med rullestol held fram, men er ofte krevjande og fører til ei saksgang over lang tid. Kyrkjer frå middelalderen har ofte særskilde utfordringar, når ein skal søkje å få til gode løysningar. Samstundes som ein må ta omsyn til vern om våre kulturminne, må det vere eit mål at alle hovudkyrkjene er tilgjengelege for alle. Riksantikvaren lova i 2011 at ein skulle komme i mål med ei løysning for Vinje kyrkje. Ein er i gang med å teikne ny rampe, slik at ein etter alt og døme bør kunne få denne på plass i løpet av 2012.

Vern og bruk

Det seiest at det beste vern er bruk. Det stemmer vel og når det gjeld kyrkjene. Men skal dei kunne brukast, må det vere ein balanse mellom vern og tilpassing til dagsens bruk. Gudstenestefeiringa har utvikla seg opp igjennom historia, noko arkitekturen frå dei forskjellige epokane også speiler. Eldre kyrkjer har ikkje alltid det som krevjast av ei moderne forsamling. Men det er viktig at endringar som vert omsøkte held ein kvalitet som kan gjere dei til verdige spor i bygningane si historie. Det kostar å leige inn gode arkitektar. Små kommuner, der mange av våre kulturskattar ligg, har ikkje midlar til dette. Ei ordning som kunne fordele midlar til arkitektar ville vere eit gode for å få til dei gode resultat.

Oppvarming

Sjølv om 2011 ikkje vart like kald som 2010, slit ein med å halde kyrkjene varme. Ein bør satse meir på å ruste opp kyrkjene slik at dei har ei miljøvenleg og brannsikker oppvarming. Dårlig tetting og isolasjon gjer at varmen slepp ut, ein får høge fyringskostnader, klarer ikkje halde forsvarleg temperatur i dei kaldaste periodene og får ein dårleg miljøprofil. Kan hende ein må gå nye vegar og arbeide saman med teknologi og designfirma, slik at ein kan utvikle miljøvenleg oppvarming som kan tilpassast våre gamle bygg. Der det er mogleg å knytte seg til fjernvarme, bør der vere tilskuddsordningar for å utnytte dette. Kyrkjer i byar har ofte gamle system for



Inngående og utgående dokument knytt til §§ 4 og 21 i Gravferdslova

luftoppvarming som ein nå kan bruke saman med fjernvarme. Domkyrkja i Kristiansand blei i 2011 koplta til fjernvarme frå søppelforbrenningsanlegget nord for Kristiansand sentrum.

Det blei gjennomført 5 synfaringar av kyrkjebygg og kyrkegardar før visitas i 2011. Det har og vore ein del synfaringar i samband med enkeltsaker.

4.4.2. Kyrkegardane

I samband med at Kyrkegardskonsulent Helge Klingberg hausten 2010 gjekk av med pensjon, oppstod der ein del uvisse rundt den vidare prosessen for å oppretthalde ein slik bistand. Då arbeidet med å tilsetje ny kyrkegardskonsulent stranda i 2011, har han halde fram førebels for eit år. Bispedømmekontora er avhengig av å kunne konsultere ekspertise innanfor

landskapsarkitektur ved etablering og endringar av kyrkegardar. I tillegg har Kyrkegardskonsulentane vore nytta til rådgjeving opp mot regleverket. Vi er derfor glade for at engasjementet for avgåande kyrkegardskonsulent er forlenga, men ventar at ein snarleg finn ei permanent løysning.

Talet på saker handsama etter gravferdslova § 4 og 21 er i 2011 som forventta om ein samanliknar med tala frå 2006 og framover. Også her hadde ein uvanleg mange saker i 2009 – 2010. Det er fortsatt fleire kommunar som ikkje har gode tilhøve for gravferd knytta til andre religionar, t.d. muslimske felt med ei anna gravplassering. Ein bør få eit større tempo i dette arbeidet. Vidare er det nokre kommunar som slit med få ledige gravplasser og treng snarlege utvidingar av kyrkegardane.



Frå den nye delen av kyrkegarden i Vinje (Foto: Geir Myre)

5. Avslutning

Innhaldet i denne årsmeldinga viser eit omfattande arbeid som siste året er lagt ned i Den norske kyrkja si verksemd i Agder og Telemark bispedømme. Rapporten viser vidare at både frivillige og løna medarbeidarar har hatt eit stort engasjement og gjort ein god innsats for å nå måla som er sette for dei ulike arbeidsområda. Biskop og bispedømmeråd vil streke under at ressursane ofte er for små, både i høve til behovet og i høve til forventningane frå kyrkja sine medlemmer. Til dømes er det stor vekst i folketalet i dei kystnære områda utan at dette har blitt kompensert med nye prestestillingar.

I fleire kyrkjelydar ser ein det naudsaamt å møte dei nye utfordringane. Det er sett i gang innsamlingar og oppretta stillingar finansierte av gåveinntekter. Av stillingane som ungdomsarbeidarar i bispedømet, er om lag halvparten finansierte frå gåveinntekter, for nær 40 % av diakonistillingane er det på same vis. 12 prestestillingar med teneste i kyrkjelydane er heilt eller delvis finansierte med gåvemidlar.

Mange sokn er utolmodige med å kome i gong med trosopplæringa. Fleire av dei sokna som enno ikkje har fått slik tildeling har difor oppretta stillingar med lokal

finansiering. Til dømes er det i Arendal prosti 4 slike stillingar (ca. 2 årsverk)

Diagrammet nedanfor viser korleis stillingane i Agder og Telemark er finansiert. Her ser vi at nær 10 % er gåveinntekter.

Kyrkja står no oppe i store reformer samtidig som det skjer store endringar i busetting og samfunnsstruktur. For å møte desse utfordringane er det difor naudsynt med auka ressursar til kyrkja sitt virke, også over dei offentlege budsjetta.

Finansiering av kirkelige stillinger i Agder og Telemark bispedømme

